

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: **Kontrollutval - Flora kommune**  
Møtedato: **14.11.2013**  
Møtetid: **09:30**  
Stad: **Møterom: Ytterøyane. Samfunnshuset**  
Møtenr.: **11/2013**  
Innkalling: **Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen i sakene 076/13-80/13 og 82/13. Revisor i sakene 076/13-80/13. Ordførar i sak 81/13.**

Melding til: **Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmars innkalling).**

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785/97170064 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

- 074/13 Godkjenning innkalling og sakliste
- 075/13 Skriv og meldingar.
- 076/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 78614 Tilsynspålegg 2009
- 077/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 79548 Enøkplan & Enøktiltak
- 078/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 79597 Sikring og rehabilitering av Flora Rådhus
- 079/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 78602 Oppgradering/asfaltering Strandavegen
- 080/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 79541 Vassleidning Saga-Botnaneset
- 081/13 Temamøte i Bystyret om kontrollutvalet si rolle.
- 082/13 Handtering av elektronisk utsending av dokument.
- 083/13 Prosjektplan, Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i Flora kommune.
- 084/13 Oppfølgingsliste 9-2013 – Flora.
- 085/13 Eventuelt.
- 086/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 75810 Eikefjord skule, forsikringsskade.
- 087/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 75811 Florahallen, forsikringsskade.
- 088/13 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjektnr 75605 Eikefjord barnehage ventilasjon.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	97170064 arva 57612785 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# ***SEKOM-sekretariat***

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

---

Flora, 12.11.2013.

Bjarne Holme (s)  
Leiar

*Audhild Ragni Vie Alme*  
Audhild Ragni Vie Alme  
***SEKOM-sekretariat***

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	97170064 arva 57612785 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 074/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 04.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.11.2013	074/13	-	Ja

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

## 075/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat

Dato: 04.11.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.11.2013	075/13	-	Ja

### Saksvedlegg

SM 47-13: Brev frå Fylkesmannen datert 23.10.201, Skjønnsmidlar 2013 – midlar som ikkje tidlegare er fordelt

SM 48-13: Fsak 071-13 Økonomirapportering januar-august 2013, handsama 17.9.2013.  
Notat datert 23.9.2013 Økonomien i omsorgsektoren

SM 49-13: Sak frå NRK Sogn og Fjordane: Mange fosterheimar står utan tilsynsførar. Flora er mellom kommunane som ikkje oppfyller lovkrava.

SM 50-13: E-post datert 8.11.2013 frå revisor Terje Førde, sak frå kontrollutvalsleiar, fakturaer Fram Flora.

SM 51-13: Brev datert 29.10.2013 frå Fylkesmannen, Lovlegkontroll av avgjerd som gjeld lukking av møte, Flora kommune

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



Sakshandsamar: Kåre Træen  
Telefon: 57643004  
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato  
23.10.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/3633 - 331.2  
Dykkar referanse

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

## Skjønnsmidlar 2013 – midlar som ikkje tidlegare er fordelt

I tildeling av skjønnsmidlar for 2013 vart det sett av ein sum på kr 11 350 000 til seinare fordeling. Av dette er kr 4 754 500 fordelt og utbetalt til kommunane som fornyingsmidlar.

Restsum på kr 6 595 500 skal fordelast slik til kommunane:

1401 Flora	kr 2 350 000
1412 Solund	kr 1 000 000
1413 Hyllestad	kr 1 200 000
1428 Askvoll	kr 500 000
1441 Selje	kr 1 545 000

Flora får tildelt midlar til slutføring av plan for inndekning av eit akkumulert underskot som vart dekt inn i 2012 rekneskapen. Av eit samla underskot på 18,3 mill. kroner, har kommunen fått til saman 6,2 mill. kroner i skjønnsmidlar.

Solund kommune har samanlikna med andre kommunar låg vekst i frie inntekter i det framlagde statsbudsjettet for 2014, stor nedgang i folketalet og samla sett svak økonomi. Tildelinga er meint som ein «buffer» framfor 2014, saman med at kommunen sjølv har og skal gjennomføre tiltak for å tilpasse seg ramma for frie inntekter i 2014.

Hyllestad får tildelt midlar ut i frå kriteriet vanskeleg økonomi. Kommunen har og sterk nedgang i folketalet, som påverkar veksten i frie inntekter frå 2013 til 2014. Kommunen gjennomfører tiltak for å tilpasse seg ramma for frie inntekter, og ekstra skjønnsmidlar er meint som ein reserve til 2014.

Askvoll har hatt utgifter til gjennomføring av prosjektet Kyllaren (innsjøliknande fjordarm) med sikte på å fjerne luktplager, som har vore til ulempe for dei som bur og oppheld seg i området. Det har vore arbeid med prosjektet i lenger tid, og det er no i ein slutfase. Kommunen har tidlegare fått ekstra skjønnsmidlar med kr 500 000, og får no kr 350 000 til slutføring. I sum utgjør dette om lag 50 % av utgiftene til prosjektet. I tillegg får kommunen kr 150 000 for vanskeleg økonomi etter eit større underskot i 2012.

Etter eit større underskot i 2012 er Selje kommune i starten på eit større omstillingsprosjekt for å oppnå balanse i økonomien. Kommunen har hatt ekstern hjelp til å utarbeide ein rapport som skal vere grunnlaget for gjennomføring av tiltak. Til dette får kommunen kr 200 000 i ekstra skjønnsmidlar. Kommunen har negativ folketalsutvikling og stor auke i utgifter til særleg ressurskrevjande brukarar. For å møte nemnde utvikling og midlar til ein fase der det skal gjennomførast tiltak for å oppnå balanse i økonomien, får kommunen kr 1 345 000 i ekstra skjønnsmidlar.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post:  
Flora kommune  
Solund kommune  
Hyllestad kommune  
Askvoll kommune  
Selje kommune

Kryss-revisjon ([kryss@forde.kommune.no](mailto:kryss@forde.kommune.no))

Kommunerevisjonen i Nordfjord ([markvard.sunde@stryn.kommune.no](mailto:markvard.sunde@stryn.kommune.no))

SM 48/13

## Sekom Postmottak

---

**Fra:** Asphjell Linda Nipen <LindaNipen.Asphjell@flora.kommune.no>  
**Sendt:** 24. september 2013 15:35  
**Til:** Sekom postmottak; Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrrp.no); Myrvoilen Ingvar T (sfj@hoyre.no); Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no); Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net); Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no)  
**Kopi:** Heggheim Terje  
**Emne:** Kopi av økonomirapport Flora kommune (F.sak 071/13)  
**Vedlegg:** Fsak 071-13 Økonomirapportering januar-august 2013.pdf; Notat, FORM 170913.pdf

Hei.

Viser til møte i kontrollutvalet i Flora i dag.

Vedlagt følger siste økonomirapport, som vart handsama i Flora formannskap den 17.9.2013.

Det vert innarbeidd som rutine at kontrollutvalet får kopi av økonomirapportane framover.

[Fsak 071-13 Økonomirapportering januar-august 2013.pdf](#) [Notat, FORM 170913.pdf](#)

Med helsing

Flora kommune  
**Linda Nipen Asphjell**  
Kommunalsjef økonomi

Mobil: 415 30 118  
Telefon: 5775 6206  
e-post: [linda.asphjell@flora.kommune.no](mailto:linda.asphjell@flora.kommune.no)





**Saksgang**  
Formannskapet

**Møtedato**  
17.09.2013

**Saksnr**  
071/13

**Sakshandsamar:**  
Linda Nipen Asphjell

**Arkiv:** K1-210  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
13/736

## **ØKONOMIRAPPORTERING JANUAR-AUGUST 2013**

### **Kva saka gjeld:**

Økonomirapportering januar-august 2013 for Flora kommune. Rapporten er basert på økonomisk informasjon kjent i starten av september, samt månadsrapportar frå tenestene av 25.8.2013.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Flora formannskap tar orienteringa til vitande.
2. Flora formannskap ber rådmannen sette i verk tiltak som sikrar budsjettbalanse ved utgangen av året i alle sektorar og tenester.
3. Dersom kommunen må nytte midlar frå bufferfondet for å balansere driftsrekneskapen i 2013, skal bufferfondet byggast opp att i 2014. Dette er i tråd med bystyret sitt vedtak 118/13 pkt. 2.

### **17.09.2013 FORMANNSKAPET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **FORM-071/13 VEDTAK:**

1. Flora formannskap tar orienteringa til vitande.
2. Flora formannskap ber rådmannen sette i verk tiltak som sikrar budsjettbalanse ved utgangen av året i alle sektorar og tenester.
3. Dersom kommunen må nytte midlar frå bufferfondet for å balansere driftsrekneskapen i 2013, skal bufferfondet byggast opp att i 2014. Dette er i tråd med bystyret sitt vedtak 118/13 pkt. 2.

Terje Heggheim  
rådmann

Linda Nipen Asphjell  
kommunalsjef økonomi

## Frie inntekter

Skatt og rammetilskot vart opphavleg budsjettert 5,1 mill kr høgare enn anslaget i statsbudsjettet for 2013. Samla inntekt vart så redusert med 1,838 mill kr i revidert budsjett (b.sak 118/13). Budsjettet til kommunen ligg med det framleis 3,3 mill kr høgare enn prognosane i statsbudsjettet. Som nemnt i revidert budsjett vart prognosane i statsbudsjettet oppretthaldt i revidert nasjonalbudsjett i vår. Realisert skattevekst for perioden januar-juli viser ein høgare nasjonal skattevekst enn lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett på 7,2 % mot 5 %. Dette kan tyde på at oppsida er større enn nedsida. Dersom veksten på 7,2 % held ut året, og kommunane får behalde denne veksten, vil budsjettert skatt og rammetilskot kunne kome høgare ut enn budsjettert. Neste prognose for 2013 får ein ved framlegging av statsbudsjettet for 2014 den 14. oktober. Når oppgjeret for november er klart i starten av desember vil ein truleg ha et klarare bilde av inntekta. I denne økonomirapporten er det lagt til grunn at ein kjem ut med skatt og rammetilskot som budsjettert.

Alternativ	1	2	3	4	5	6	7
	Statsbudsjett <sup>1)</sup> 2013	Flora budsjett <sup>2)</sup> 2013	Flora revidert <sup>3)</sup> budsjett 6-2013	KS progmodell <sup>4)</sup> 3 år snitt	Flora prognose <sup>5)</sup> alternativ 1	Flora prognose <sup>6)</sup> alternativ 2	Flora prognose <sup>7)</sup> alternativ 3
Lokal skattevekst 2013	5,5%	6,4%	6,0%	2,8%	5,5%	5,5%	5,5%
Nasjonal skattevekst 2013	5,4%	5,4%	5,0%	5,0%	7,2%	6,0%	5,0%
Lokal skatt	267 589	280 500	278 885	270 337	277 569	277 569	277 569
Rammetilskot	315 042	307 270	307 047	312 176	311 472	309 521	307 896
Sum	582 631	587 770	585 932	582 513	589 041	587 090	585 465
Avvik fra Flora revidert budsjett	-3 301	1 838	-	-3 419	3 109	1 158	-467

<sup>1)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå stipulert skattevekst 2012 ved framlegging av statsbudsjettet (lokal 5,6 % og nasjonal 6,5 %)

<sup>2)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå stipulert skattevekst 2012 (lokal 9,8 % nasjonal 6,5 %)

<sup>3)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå revidert nasjonalbudsjett, med lokal skattevekst sett lik 6 %

<sup>4)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå revidert nasjonalbudsjett, med treårig lokal skattevekst 2,8 %

<sup>5)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå realisert skattevekst januar-juli, dvs lokal 5,5 % og nasjonal 7,2 %

<sup>6)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå simulering skattevekst. Lokal 5,5 % og nasjonal 6 %.

<sup>7)</sup> Stipulert skattevekst 2013 ut frå simulering skattevekst. Lokal 5,5 % og nasjonal 5 %.

Flora bystyre vedtok å dekke inn tidlegare års akkumulerte underskot over rekneskapen for 2012. Ut frå dette er det venta at fylkesmannen skal tildele 2,35 mill kr i skjønsmidler over rammetilskotet til kommunen i løpet av hausten. I tråd med bystyret sitt vedtak pkt. 3 i sak 118/13 er dette ei eingongsinntekt som skal settast av til bufferfondet.

Ein oppdatert prognose for eigedomsskatten viser at ein vil kome ut om lag på budsjettert inntekt 31,6 mill kr.

Netto konsesjonskraft er ei høvesvis sikker inntekt når konsesjonskrafta er seld til ein fast pris som i 2013. I prognosen er det tatt høgde for at budsjetttet skal halde. Det er likevel knytt noko usikkerhet til sjølve uttaksutgifta, og då spesielt energileddutgifta som svingar kvar månad.

Framskriving av rekneskapstal viser at momskompensasjonsinntekt frå driftsrekneskapen ser ut til å kome ut i tråd med budsjettert inntekt. Momskompensasjonsinntekt frå investeringsrekneskapen er ei usikker inntekt, som svingar med investeringsnivå. Rekneskapstal viser at budsjettert inntekt bør halde.

Konsesjonsavgift, rentekompensasjon, kompensasjon reform 97 og vertskommunetilskot ser ut til å treffe på budsjett.

## Økonomitabell 1 Frie inntekter

	Rekn	Budsjett	Revidert	Regulert	Prognose	Avvik/	Kommentar
	2012	2013	budsjett	budsjett	9-2013	Justering	
	B178/12	B118/13	9-2013				
Skatt	263 099	272 490	278 885	278 885	278 885	0	Realisert nasjonal skattevekst januar-juli ligg på 7,2 %, mot stipulert 5% i revidert nasjonalbudsjett. Realisert lokal skattevekst januar-juli ligg på 5,5% mot budsjettet 6% i kommunen sitt reviderte budsjett. Det er grunn til å tru at budsjettet skatt og rammetilskot samla sett skal halde i høve budsjett. Ut frå realisert skatt pr juli ser dessutan oppsida ut til å vere større enn nedsida.
Rammetilskot	297 130	312 280	307 047	307 047	307 047	0	Neste skatteprognose på nasjonalt nivå kjem ved framlegging av statsbudsjettet for 2014 (14. oktober).
Rammetilskot-skjønsmidlar til inndekking av underskot	2 750				2 350	2 350	Forventa skjønsmidlar frå fylkesmannen i tråd med avtale om inndekking av underskot. Midlane er evt ei eingongsinntekt i 2013, som vert sett av til bufferfondet i tråd med bystyret sitt vedtak 18/13 pkt 3.
Rammetilskot -andre skjønsmidlar	1 992					0	
Eigedomsskatt	30 513	30 800	31 600	31 600	31 600	0	OK, oppdatert prognose om lag på nivå med budsjett
Konsesjonskraft netto	2 874	4 500	4 300	4 300	4 300	0	Ser ut til å gå i balanse, men har ei mindre nedsida knytt til uttak (energiledd).
Konsesjonsavgift	1 493	1 500	1 500	1 500	1 500	0	Avventar brev frå NVE i nov/des
Refusjon kapitalutgifter	1 517	1 320	1 320	1 320	1 320	0	OK, lagt til grunn flytande husbankrente på snitt 2 %
Kompensasjon, reform 97	719	673	673	673	673	0	OK, i tråd med vedteke slabsbudsjett for 2013
Vertskommunetilskot	15 953	16 590	16 484	16 484	16 484	0	OK, beløp i tråd med tenningbetaling frå Sosial- og helsedirektoratet.
Momskompensasjon inv og KF	9 137	7 200	7 200	7 200	7 200	0	Inntekt som svinger ujamnt. Usikkert, men rekneskapen tyder på at budsjettet held.
Momskompensasjon drift tenestene	13 776	13 800	15 453	15 453	15 453	0	Framskriving av rekneskapital syner at budsjettet inntekt skal halde.
<b>Sum</b>	<b>640 953</b>	<b>661 153</b>	<b>664 462</b>	<b>664 462</b>	<b>666 812</b>	<b>2 350</b>	

### Avsett til fordeling

Mottatt rekning knytt til kommunetilskot til Norsk pasientskadeerstatning viser ei redusert utgift på 0,054 mill kr i høve budsjett.

I revidert budsjett vart sentralt avsett til lønsvekst 2013 redusert med 1,5 mill kr grunna lågare realisert årslønsvekst (3,55%) enn tatt høgde for i opphavleg budsjett (4%). Sentralt lønsoppgjær er kompensert ved overføring av midlar frå tabell 2 til tenesterammene i tabell 5.

Salderinga kaivederlag på 1 mill kr er effektuert ved at krav er sendt. Kravet er ikkje betalt pr. 15.9.2013, men det er forventa at inntekta vert realisert. Budsjettposten er derav flytta frå tabell 4 til tabell 2.

A-kontobeløpet frå Helse Førde knytt til medfinansiering er i august auka opp med 0,5 mill kr på årsbasis. Denne auken er dekning for høgare aktivitet i første tertial enn anslått. Statistikkane viser den same utviklinga ut i første del av andre tertial, men ein lågare aktivitet i juli-august. Det er difor usikkert korleis den endelege utgifta til medfinansiering kjem ut, men førebels ligg utgifta om lag 2 mill kr høgare enn i 2012. Endeleg avrekning for 2012 kjem i november.

Viser elles til kommentarane i tabell 2 til dei enkelte budsjettpostane.

## Økonomitabell 2 Avsett til fordeling

	Rekn Budsjett		Revidert		Regulert		Prognose		Avvik	Kommentar
	2012	2013	budsjett	budsjett	9-2013	9-2013	ustering			
	B178/12	B118/13	2013							
<b>Lønsposter avsett sentralt i budsjettet</b>										
Gruppelivsforsikring	1 045	771	1 100	1 100	1 100	0	0	Ok		
Yrkesskadeforsikring	955	1 069	1 000	1 000	1 000	0	0	Ok		
Norsk pasientskadeerstatnings reguleringsfond	140	366	366	366	312	-54		Kommunetilskudd. Reduksjon i tråd med inng faktura.		
Lønnsvekst 2012 (årslønsvekst)		13 187	0	0	0	0	0			
Lønnsvekst 2013 (årslønsvekst)		18 500	5 172	2 464	2 464	0		Sentralt lønnsoppgjør er kompensert i tab 5		
Pensjon, inkl premieavvik	-17 713	19 500	19 500	19 500	19 500	0		Vert fordelt i årsoppgjøret		
Fribeløp arbeidsgjevaravgift	-530	-530	-530	-530	-530	0		OK, bilag bokført		
Lønnsvekst folkevalde		700	700	700	700	0		B 103/12 og B 124/12 inkl stipulert auke		
<b>KF og Næring</b>										
Bidrag frå KF Innvandrarsenteret	-3 700	-3 700	-3 700	-3 700	-3 700	0		Ok		
Bidrag frå KF Innvandrarsenteret - einingsbidrag	-1 777	0	0	0	0	0				
KF Kjøkkenservice, for adm.utgifter	-255	-255	-255	-255	-255	0		Ok		
Bidrag frå KF Kjøkkenservice	-45	-45	-45	-45	-45	0		Ok		
KF Havhesten - tilskot		3 000	3 000	3 000	3 000	0		Ok		
Kaivederlag øyene	-500				-1 000	-1 000		Frå tab 4 Sakdøring. Krav er sendt til Fjord 1		
Flora Hamn KF		500	500	500	500	0		Ok		
Avtale Origod/Havglytt	650	741	741	741	741	0		Ok		
Driftstilskot Fram Flora AS	1 850	1 480	1 850	1 850	1 850	0		Ok		
Driftstilskot Visit Fjordkysten AS	274	290	290	290	290	0		Ok		
Tilskot til "Byen vår Florø"	300	300	300	300	300	0		Ok		
Næringsretta tiltak (ma. turistinformasjonen)	400	400	400	400	400	0		Ok		
Næringsretta tiltak - cruiseport	63	50	63	63	63	0		Ok		
<b>Skule</b>										
Språkutvikling/digitalisering av skulebiblioteket		100				0		Oppvekstplan jfr BYST 125/11 Lagt på rammene i tab 5.		
Særlege haldningsskapande prosjekt,		50	50	50	50	0		Oppvekstplan jfr BYST 125/11 Auka aktivitet (ma. MOT).		
Kulturskuletilbod i SFO frå hausten 2013		200	200			0		Til Kulturskulen si ramme i tab 5.		
UKM Kulturskulen		30				0		Til Kulturskulen si ramme i tab 5.		
Entreprenørskap, koordinering		50	50			0		Oppvekstplan jfr BYST 125/11 Til ramme skule i tab 5.		
<b>Barnehage</b>										
Avsett - tospråkleg assistent		500	500	500	500	0		Oppvekstplan jfr BYST 125/11		
Auka driftsramme barnehage inkl ikkje kommunale		250	100	100	100	0		Ok		
Likebehandling ikkje private barnehager		500	1 500	1 500	1 500	0		Under handsaming, endeleg avrekning i årsoppgjøret		
Barn med særskild behov			230			0		Lagt til barnehagane i tab 5.		
Barn i privat barnehage i Naustdal kommune			350	350	350	0		Ok		
<b>HOBUN</b>										
Avsett til nye ressurskrevjande brukarar			1 700			0		Tilført Omsorg si ramme i tab 5.		
Samhandlingsreforma, avsett til medfinansiering	10 604	10 651	11 916	11 916	12 416	500		A-konto beløpet frå Helse Førde er justert opp i tråd med årssum 12,416 mill kr frå og med august. Etter utrekning ved Helsedirektoratet. Oppjusteringa har i seg reell utvikling i første tertial.		
Samhandlingsreforma, overgangsordning. Medfinans.		800				0		Overgangsordning saldert og eliminert mot tab 4.		
Samhandlingsreforma, overgangsordning. Utskriving.		1 200				0		Overgangsordning saldert og eliminert mot tab 4.		
Samhandlingsreforma - Omsorgstenesta		2 000				0		Opning av to nye plassar på korttid Furuhaugane /styrking bemanning heimeutenestene. Finansiert av samhandlingsreformmidlar. Til tab 5.		
Samhandlingsreforma - Tiltaksteam		500				0		Finansiert av samhandlingsreformmidlar. Til tab 5.		
Samhandlingsreforma - Koordinerende eining		50				0		Driftsmidlar finansiert av samhandlingsreformmidlar jf tab 5.		
Samhandlingsreforma - hospiteringsordning FK og HF		50				0		I tråd med HSO-plan. Finansiert av samhandlingsreformmidlar. Til tab 5.		
Samhandlingsreforma - 20% legeressurs Helse		200				0		Delvis i tråd med HSO-plan. Finansiert av samhandlingsreformmidlar. Til tab 5.		
Miljøretta helsevern - egenandel		475	475	475	475	0		Interkommunalt samarbeid. Flora vertskommune.		
Samhandlingsreforma, KS-prosjekt		44				0				
Samhandlingsreforma, interkommunalt prosjekt		95				0				
Refusjonskrav fosterheimslevar, opplæring		719	719			0		Tilført ramme til Barn og unge i tab 5		
NAV Kommunalt rusarbeid		606	606			0		Innlemna i rammetilskotet frå 2013. Flora sin inngangsverdi var 1237. Utgangsverdi er rekna til 606* (333 mill kr * nøkkel sosialhjelp 0,781* befolkn.andel 2,3303 promille). Tilført Tiltaksteam si ramme i tab 5.		
Prioriteringar HSO-plan, kreftkoordinator			135			0		HSU-09/13 og F-03/13. Tilført Omsorg si ramme i tab 5.		
Prioriteringar HSO-plan, auka netto leigekostnader SMS			370			0		HSU-005/13, HSU-19/13, F-01/13 og F-03/13. Tilført Tiltaksteam si ramme i tab 5.		
Prioriteringar HSO-plan 2013			895	300	300	0		Midlar til fysioterapeut. Stilling ikkje bestatt.		
Overgrepsmottak i Sogn og Fjordane			261			0		BYST 027/13. Tilført Tiltaksteam si ramme i tab 5.		
Krav frå Gran kommune		622	650	650	650	0		Uavklart sak. Tatt høgde for årlig utgift.		

**forts. Økonomitabell 2 Avsett til fordeling**

	Rekn	Budsjett	Revidert	Regulert	Prognose	Avvik	Kommentar
	2012	2013	Budsjett	Budsjett	9-2013	ustering	
	B178/12	B118/13	2013	2013			
<b>Andre postar avsett sentralt i budsjettet</b>						0	
Båtrutene – opsjon (2011-kroner)	3 562	3 967	3 967	3 967	3 967	0	Prisregulert 3,2 %. No beløp inkl mva 8 % jf tab 1
Formiddagsrute i Norde basseng 1 dag/veke	75	75	75	75	75	0	
Andre utgifter Florabassenget					50	50	Leige kai/venterom og ekstrakøyning 17. mai
Eigedomsskatteprosjekt/drift eigedomsskatt	89	200	200	200	200	0	Ok
Momskompensasjon investering - overgangsordning	3 970	4 000	4 000	4 000	4 000	0	Overføring til investeringsrekneskapen, sjå inntekt 5 mill i tab 1
Tilskot Florø Idrettssenter AS = rente	381	500	500	500	500	0	Motrekning rente
Tilskot Florø Idrettssenter AS = avdrag	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	0	Motrekning avdrag
Reservert tilleggslyving til disp form	500	500	500	500	500	0	Brnk pr 15.9.2013: M GP 2013 239', Kinnaspelet 90', Ferieklubben 30', Skibussen 16', gaver pakkestasjon 6', Florø Idrettssenter (montering flypunkter) 85', Kystvegen Bergen-Ålesund 22'
Vassområde Sunnfjord		85				0	B.sak 050/12. Tilført rammene i tab 5.
Andre postar	177					0	
Interkommunalt byggetilsyn		300				0	Til tab 5
Bidrag drift av grendahus	200	200	200	200	200	0	Tilskot 2013 er ikkje fordelt pr 15.9.
Skjønsmidlar, psykososial oppfølging etter 22. juli	230					0	
Utgifter knytt til uveret Dagmar, bokført sentralt	885					0	
Avsett til fond, skjønsmidlar uveret Dagmar	646					0	
Avsett til fond, skjønsmidlar samfunnsstryggleik og bered:	50					0	
Skjønsmidlar Frå fråvær til nærvær til omsorgstenesta	125					0	
Skjønsmidlar, etikkprosjekt					100	100	Øymerka midlar over rammetilskotet, jf tab 1
Skjønsmidlar, trainee-prosjekt					325	325	Øymerka midlar over rammetilskotet, jf tab 1
Kulturmidlar	100					0	Til tab 5
Kommunal planstrategi	300					0	Til tab 5
Vedlikehald formålsbygg, reinhald, stell/sikring av grøntareal		500				0	Til tab 5
Ny stilling konsulent samferdsle og diverse, halvpart av 100 % stilling	350					0	Samfinansiering med prosjekt og AS. Til tab 5.
Nordalsfjord idrettslag	35	35	35	35	35	0	Knytt til Ballbinge i Nordalsfjord, eingongstilskot i 2013.
Service rute i Høydalane	75	75	75	75	75	0	
Kino i Eikefjord	22					0	Tilført Kultur og fritid si ramme i tab 5
Redusere eigedomsskatt for frivillige lag og org	68	68	68	68	68	0	Etter søknad
Ny stilling som innkjøpsrådgjevar			325	325	325	0	Sjølvfinansiert stilling i drift, vert å finansiere ved innsparringar samt investeringsløyvingar
Til disposisjon	150					0	
<b>Sum</b>	<b>774</b>	<b>87 277</b>	<b>62 104</b>	<b>54 530</b>	<b>54 451</b>	<b>-79</b>	

**Finans**

I revidert budsjett vart det sagt at budsjettert renteutgift og renteinntekt ville halde samla sett. Oppdaterte prognoser viser no at ein samla sett ser ut til å kome betre ut enn budsjettert. Renteutgifter av løpande lån er i denne prognosen tatt ned med 1,074 mill kr. Dette kjem av ei lågare rente enn budsjettert og at låneopptak vert gjennomført seinare enn planlagt. På den andre side gir dette ei redusert renteinntekt rekna til om lag 0,5 mill kr.

Budsjettert avdrag ser ut til å vere budsjettert innafor minste lovlege avdrag jf. kommunelova § 50.

Kommunen har motteke utbytte på 0,191 mill kr meir enn budsjettert.

Budsjettert kompensasjon frå VAR-rekneskapen ser ut til å ligge innafor budsjettert sum. I tråd med lovverket skal ein nytte 3 års statsobligasjonsrente + 1 prosentpoeng ved utrekning av kompensasjonen. I revidert budsjett vart VAR-renta sett til 2,5%. Ifølge [www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no) er 3 års statsobligasjonsrente i ferd med å stige, noko som kan gje ei høgare inntekt når endeleg rekneskap vert gjort opp i årsoppgjeret.

### Økonomitabell 3 Finans

	Rekn	Budsjett	Revidert	Regulert	Prognose	Avvik	Kommentar
	2012	2013	budsjett	budsjett	9-2013	Justering	
	B178/12	B118/13	2013				
Renteutgifter av løpende lån	36 726	37 574	37 574	37 574	36 500	-1 074	Låneopptak gjennomført seinare enn planlagt. Finansreglementet tilseier nytt låneopptak til fast rente. Utsetting av låneopptaket er difor hovudårsaka til at renteutgifta vert redusert meir enn renteinntekta i denne prognosen.
Tap på krav	219	300	300	300	300	0	OK
Avdrag av løpende lån	22 704	25 200	25 700	25 700	25 700	0	OK. Minste lovlege avdrag jf kommunelova § 50.
Renteinntekt	-7 544	-7 500	-7 500	-7 500	-7 000	500	Låneopptak gjennomført seinare enn planlagt. Finansreglementet tilseier nytt låneopptak til fast rente. Utsetting av låneopptaket er difor hovudårsaka til at renteutgifta vert redusert meir enn renteinntekta i denne prognosen.
Utbytte	-1 898	-2 000	-2 557	-2 557	-2 748	-191	Mottatt eigarutbytte frå SFE på 2,602 mill, og kundeutbytte frå Gjensidige på 0,146 mill kr.
Kompensasjon finansutgifter. Hovudsakleg frå VAR-rekneskapen.	-17 062	-20 642	-20 093	-20 093	-20 093	0	Budsjettert kompensasjon ser ut til å halde. VAR-rente budsjettert med 2,5 %. 3 års statsobligasjonsrente er i ferd med å stige, kan gje noke høgare inntekt.
<b>Sum</b>	<b>33 145</b>	<b>32 932</b>	<b>33 424</b>	<b>33 424</b>	<b>32 659</b>	<b>-765</b>	

### Saldering

Salderinga kaivederlag på 1 mill kr er effektuert ved at krav er sendt. Kravet er ikkje betalt pr. 15.9.2013, men det er forventa at inntekta vert realisert. Budsjettposten er derav flytta frå tabell 4 til tabell 2.

Salderinga eigeninnsats investering på 1 mill kr er under handsaming, og må effektuerast ved rammekutt i driftsbudsjettet med tilhøyrande overføring av utgifter frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Administrasjonen har brukt mykje av sine ressursar til framdrift i investeringsprosjekt, noko som gjer at denne salderinga bør la seg realiserast.

### Økonomitabell 4 Saldering

	Budsjett	Revidert	Regulert	Prognose	Avvik	Kommentar	
	2013	budsjett	budsjett	9-2013	Justering		
	B178/12	B118/13	2013				
Generelle kutt alle sektorar	4 200				0	Gjennomført som varig rammekutt, til tabell 5.	
Tilsettingsregulering	2 307				0	Gjennomført som rammekutt i 2013, til tabell 5.	
Innføre kaivederlag på kommunen sine egne kaier	1 000	1 000	1 000	1 000	-1 000	Flytta til tab 2. Krav er sendt. Venter på betaling.	
Eigeninnsats investeringsprosjekt	1 500	1 000	1 000	1 000	0	Under handsaming	
Innkjøp - ny vaskeriavtale	600				0	Gjennomført som rammekutt ved omsorgstenesta i 2013, til tabell 5.	
Interkommunalt samarbeid landbruksforvaltning	200				0	Jf BYST-07/0 vedtak pkt 9. Gjennomført som rammekutt på tenesta Plan og samfunn jf tabell 5.	
Innsparing samhandlingsreform	2 000				0	Gjennomført ved eliminering mot avsette beløp på 12 mill + 0,8 mill i tabell 2	
Skatteinntekter/rammetilskot	3 000				0	Flytta til tab 1	
Innsparingskrav Plan og samfunn/Teknisk drift/Flora bygg og eigedom/Brann og beredskap	500				0	Gjennomført som rammekutt, til tabell 5	
Redusere rådmannen sin stab med mer	500				0	Gjennomført som rammekutt, til tabell 5.	
Innsparing innkjøp og innsats investeringsprosjekt			325	325	325	0	Finansiering av stilling som innkjøpsrådgjevar
<b>Sum</b>	<b>15 807</b>	<b>2 325</b>	<b>2 325</b>	<b>1 325</b>	<b>-1 000</b>		

## Sektorvise rammer

Tabell 5 viser alle endringar i sektorvise rammer frå opphavleg budsjett 2013 (inkl. endeleg budsjett 2012) til prognose 9-2013. Tabellen viser med anna fordeling av sentralt lønsoppgjør og andre reguleringar frå økonomitabell 2. Tabellen viser og tenestene sine siste årsprognoser. Som vist i tabellen varslar tenestene et meirforbruk på 7,1 mill kr.

Økonomitabell 5 Sektorvise rammer

	Rådmann stab, adm båt, politisk	Skule	Børne- høge	NAV Barn og unge	Helse Tiltaks- team	Omsorg	Kultur	Teknisk	Flora bygg og eigedom	Sum
<b>Sum budsjett 2013 6178/12 inkl endeleg 2012-budsjett</b>	<b>55 107</b>	<b>184 631</b>	<b>66 468</b>	<b>47 514</b>	<b>22 034</b>	<b>164 210</b>	<b>22 545</b>	<b>23 777</b>	<b>-22 005</b>	<b>564 281</b>
<i>Revidert budsjett 2013:</i>										
Overheng sentralt lønsoppgjør 2012 (effekt 2013)	219	2 901	1 011	396	185	2 521	222	123	263	7 841
Overheng lokalt lønsoppgjør 2012 (effekt 2013)	219	780	385	342	142	766	111	216	63	3 024
Koordinerende eining driftsmidler frå tab 2	50									50
Likebehandling private barnehagar frå tab 2			331							331
20 % legeressurs frå tab 2					200					200
Opning to nye plassar på korttid Furuhaugane/styrking						2 000				2 000
hemanning heimetenestene. Frå tab 2									50	50
Hospiteringsordning Flora kommune og Helse Førde								100		100
Kulturmidlar frå tab 2								22		22
Tilskot kino Eikefjord frå tab 2								30		30
UKM Kulturskolen frå tab 2								350		350
Ny stilling samferdsle, 50% auka ramme. Frå tab 2								10		10
Auke interkommunalt byggetilsyn (frå 290' til 300')								300		300
Kommunal planstrategi frå tab 2									500	500
Vedlikehald						-600				-600
Saldering ny vaskeriavtale omsorgstenesta								-200		-200
Saldering interkommunalt samarbeid landbruk										-500
Saldering direkte kutt rådmann	-500									-500
Saldering teknisk sektor og Flora bygg og vedlikehald								-274	-226	-500
Saldering generelle kutt alle sektorar	-398	-1 235	-353	-357	-166	-1 211	-154	-179	-147	-4 200
Saldering tilsettingsregulering	-218	-679	-194	-197	-91	-665	-84	-98	-81	-2 307
Lokalt lønsoppgjør 2013	92									92
Sentral særavtale brann og beredskap 2012, effekt 2013			82					82		82
SFO -midlar vår Krokane skule			8							8
Ansiemnitets-/kompetanseopprykk Eikefjord skule										0
Tiltaksteam frå 1.4.2013, effekt 9 mnd				-859	1 299	-440				500
Tiltaksteam frå tab 2, midlar samhandlingsreforma					500					208
To-pedagogordning Florø barneskole, haust		208								208
Ekstra barnehageplasser Allhuset, haust			150							150
<b>Sum revidert budsjett juni 2013 6118/13</b>	<b>54 571</b>	<b>186 696</b>	<b>67 798</b>	<b>46 839</b>	<b>24 103</b>	<b>166 631</b>	<b>22 792</b>	<b>24 107</b>	<b>-21 633</b>	<b>571 904</b>
<i>Regulering budsjett 2013:</i>										
Reversert Tiltaksteam, feil justering rev bud 2013				859	-1 299	440				0
30 % stilling frå Barn og unge til Kvalitet og utvikling	199			-199						0
Entreprenørskap koordinering Eikefjord skule (frå tab 2)		50								50
Prioriteringar HSO-plan				35	370	695				1 100
Auke ressurskrevjande brukar, kjøp av tenester						1 700				1 700
SFO Kulturskuletilbod, haust							200			200
Tiltaksteam, andel overgrepsmottak S&F					261					261
Tiltaksteam, kommunalt rusarbeid, frå tab 2					606					606
Spes. ped. midlar barnehage, omfordeling og nye (jf tab 2)		15	215							230
Sentralt lønsoppgjør 2013	77	868	365	106	70	1 005	72	64	27	2 654
Eingongsetterbetaling løn, Kultur og fritid							54			54
Refusjonskrav fosterheimslevar, opplæring frå tab 2 til Barn og unge				719						719
<b>Sum regulert budsjett 2013</b>	<b>54 847</b>	<b>187 629</b>	<b>68 378</b>	<b>48 359</b>	<b>24 111</b>	<b>170 471</b>	<b>23 118</b>	<b>24 171</b>	<b>-21 606</b>	<b>579 478</b>
<i>Prognoser 31.12 frå tenestene:</i>										
Legetenester, tenesta varslar meirforbruk					113					113
Frisklivssentralen, tenesta varslar meirforbruk					244					244
Fysio-/ergoterapi, anslår mindreforbruk					-187					-187
Brann og beredskap, varslar meirforbruk								400		400
Torvmyrane, anslår mindreforbruk		-55								-55
Kultur og fritid varslar meirforbruk							206			206
Kulturskolen, tenesta anslår mindreforbruk							-130			-130
NAV Flora, anslår et lite meirforbruk				38						38
Nepjarhaugen barnehage, anslår et lite meirforbruk			36							36
Nyheimvegen barnehage, anslår et lite meirforbruk			13							13
Omsorgstenesta varslar et større meirforbruk						2 575				2 575
Steinhovden skule og barnhage, varslar et meirforbruk		267								267
Storevatn barnhage, anslår et meirforbruk			11							11
Dalvegen barnehage, varslar et meirforbruk			53							53
Flora bygg og eigedom, varslar et meirforbruk								1 164		1 164
Krokane barnehage, anslår et mindreforbruk			-321							-321
Barn og unge, varslar et større meirforbruk				2 712						2 712
<b>Sum prognose 9-2013</b>	<b>54 847</b>	<b>187 841</b>	<b>68 170</b>	<b>51 109</b>	<b>24 281</b>	<b>173 046</b>	<b>23 194</b>	<b>24 571</b>	<b>-20 442</b>	<b>586 617</b>

## Totalprognose

Økonomitabell 6 er ein samanstilling av økonomitabell 1-5.

Tenestene har varsla et samla meirforbruk på 7,1 mill kr jf tabell 5. I tråd med bystyret sine vedtak skal 4,827 mill kr settast av til bufferfond. Bufferfondet er basert på eingongsinntekter som ein ikkje får i 2014, som ein difor ikkje bør bruke til å bygge opp drifta. Dersom tenestene kjem ut med et meirforbruk på 7,1 mill kr, og alle andre budsjettpostar vert realisert som i denne prognosen, vil bufferfondet bli spist opp før det i realiteten er sett av, og kommune får et meirforbruk på vel 2 mill kr i 2013.

**Økonomitabell 6 Totalprognose**

	Rekn	Budsjett	Revidert	Regulert	Prognose	Avvik
	2012	2013	budsjett	budsjett	9-2013	Justering
		B178/12	B118/13	2013		
Rådmann, stab, politisk, (båtruter)	62 000	52 759	54 571	54 847	54 847	0
Skule	183 036	180 224	186 696	187 629	187 841	212
Barnehage	67 066	65 022	67 798	68 378	68 170	-208
Flora NAV/Barn og Unge	52 010	46 754	46 839	48 359	51 109	2 750
Helse	20 849	21 656	24 103	24 111	24 281	170
Omsorg	176 210	160 648	166 631	170 471	173 046	2 575
Kultur	22 174	22 186	22 792	23 118	23 194	76
Teknisk	24 689	22 863	24 107	24 171	24 571	400
Flora bygg og eigedom	-20 073	-22 361	-21 633	-21 606	-20 442	1 164
<b>Sum nettorammer tenestene jf tabell 5</b>	<b>587 961</b>	<b>549 751</b>	<b>571 904</b>	<b>579 478</b>	<b>586 617</b>	<b>7 139</b>
Frie inntekter jf tabell 1	-640 953	-661 153	-664 462	-664 462	-667 237	-2 775
Avsett til fordeling jf tabell 2	774	87 277	62 104	54 530	54 451	-79
<b>Resultat før finans</b>	<b>-52 218</b>	<b>-24 125</b>	<b>-30 454</b>	<b>-30 454</b>	<b>-26 169</b>	<b>4 285</b>
Netto finans: Rente, avdrag, utbytte jf tabell 3	33 145	32 932	33 424	33 424	32 659	-765
<b>Resultat etter finans</b>	<b>-19 073</b>	<b>8 807</b>	<b>2 970</b>	<b>2 970</b>	<b>6 490</b>	<b>3 520</b>
Saldering jf tabell 4		-15 807	-2 325	-2 325	-1 325	1 000
Underskotsdekking	15 951	7 000	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års overskot			-3 122	-3 122	-3 122	0
Avsett til bufferfond			2 477	2 477	4 827	2 350
<b>Årsresultat (før bruk av bufferfond)</b>	<b>-3 122</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6 870</b>	<b>6 870</b>
<b>Akkumulert underskot (+)/overskot(-)</b>	<b>-3 122</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 043</b>	<b>2 043</b>



Økonomitabell 7 gir ein oversikt over alle nye inntekter og utgifter som er innarbeidd i denne prognosen sidan revidert budsjett.

**Økonomitabell 7 Nye inntekter og utgifter frå revidert budsjett til prognose**

	Ref	Auka inntekter/ reduserte utgifter	Reduserte inntekter/ auka utgifter
Rammetilskot, forventa skjønsmidlar frå fylkesmannen	Tabell 1	2 350	
Rammetilskot -andre skjønsmidlar	Tabell 1	425	
Medfinansiering, auka utgift	Tabell 2		500
Norsk pasientskadeerstatnings reguleringsfond	Tabell 2	54	
Andre utgifter Florabassenget	Tabell 2		50
Øyremerka midlar over rammetilskotet, avsett til etikkprosjekt	Tabell 2		100
Øyremerka midlar over rammetilskotet, avsett til traineeprosjekt	Tabell 2		325
Renteutgift løppande lån, redusert utgift	Tabell 3	1 074	
Renteinntekt, redusert inntekt	Tabell 3		500
Utbytte, auka inntekt	Tabell 3	191	
Legetenester, tenesta varslar meirforbruk	Tabell 5		113
Frisklivssentralen, tenesta varslar meirforbruk	Tabell 5		244
Fysio-/ergoterapi, anslår mindreforbruk	Tabell 5	187	
Brann og beredskap, varslar meirforbruk	Tabell 5		400
Torvmyrane, anslår mindreforbruk	Tabell 5	55	
Kultur og fritid varslar meirforbruk	Tabell 5		206
Kulturskulen, tenesta anslår mindreforbruk	Tabell 5	130	
NAV Flora, anslår et lite meirforbruk	Tabell 5		38
Nepjarhaugen barnehage, anslår et lite meirforbruk	Tabell 5		36
Nyheimvegen barnehage, anslår et lite meirforbruk	Tabell 5		13
Omsorgstenesta varslar et større meirforbruk	Tabell 5		2 575
Steinhovden skule og barnhage, varslar et meirforbruk	Tabell 5		267
Storevatn barnhage, anslår et meirforbruk	Tabell 5		11
Dalvegen barnehage, varslar et meirforbruk	Tabell 5		53
Flora bygg og eigedom, varslar et meirforbruk	Tabell 5		1 164
Krokane barnehage, anslår et mindreforbruk	Tabell 5	321	
Barn og unge, varslar et større meirforbruk	Tabell 5		2 712
Avsett til bufferfond	Tabell 6		2 350
<b>Sum nye inntekter og utgifter</b>		<b>4 787</b>	<b>11 657</b>
<b>Ubalanse, meirforbruk før evt bruk av bufferfond</b>			<b>-6 870</b>



---

## NOTAT

---

TIL : FORMANNSKAPET  
FRÅ : RÅDMANNEN  
EMNE : ØKONOMIEN I OMSORGSEKTOREN  
DATO : 23. SEPTEMBER 2013  
KOPI : ALLE

---

Det ser ut til at omsorg kan få eit overforbruk på inntil **6 mill.** Dette er 3,4 millionar meir enn vi signaliserer i økonomirapporten av 17 september.

Årsakene er mellom anna:

- Det har vore drifta med ekstra mannskapsliste i 2 av heimetenestene i første halvår. Ein utfordrande situasjon med særstunne brukarar.
- Ekstra bemanning på Furuhaugane, både på langtidsavdeling og korttidsavdeling;
- Furuhaugane har overtallige på 3 årsverk. Dette har vi for å sikre nødvendig sjukepleiekompetanse. Går inn i alle sjukefråvær, ferier o l.
- Det same har vi i heimetenesta
- Til saman har vi nesten 15 årsverk overtallig. Dette har vi for å kunne drifte turnusane med rett kompetanse. I tillegg må vi forvalte plikta som arbeidsgivar ved å tilsette fast medarbeidarar som kvalifiserer til det etter 4 års regelen. No er denne regelen blitt til 1 år.


Statistikk under syner at vi har nesten 30 fleire innleggingar på Furuhaugane første del av 2013 enn i 2012.

### **Samhandlingsreforma**

Vi er langt inn i andre året med samhandlingsreforma. Så langt har kommunen klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar. Samarbeidet med Helse Førde har vert svært godt og vi har løyst utfordringane etter kvart. Fellesadministrasjonen har ved sakshandsamerane tatt imot all kommunikasjon om innlagde og utskrivingsklare pasientar. I helg og høgtid har korttidsavdelinga hatt ansvaret for samhandlingstelefonen. Oversikta har heile tida vert god slik at ein har vert førebudd på nye pasientar både i heimetenestene og på institusjonane.

Avviksmeldingar har vert brukt i kvalitetssikringsarbeidet, både internt og mot Helse Førde


## Første år med samhandlingsreforma - 2012



Figur 1 Endring i liggedøgn på sjukehus

Som figuren over viser, gjekk lengda på liggedøgn kraftig ned i 2012 for dei som måtte innom institusjon i Florø. I 2011 var det berre eit opphald som varte berre under ei veke mot 27 i 2012. Dette var og ei av målsetningane med samhandlingsreforma at ferdigbehandla pasientar ikkje skulle opphalde sengene ved sjukehuset. Før samhandlingsreforma trådte i kraft låg det i snitt ein ferdigbehandla pasient frå Florø til ein kvar tid – året igjennom.

Det har vort nokre tilfeller av re-innlegging til sjukehus som kanskje kunne vort unngått ved lengre liggetid på sjukehus. Men alle har likevel vort i trygge hender/forsvarleg pleie.




Figur 2 Nye pasientar til korttidsavdelinga i 2012

Til saman blei 244 meldt utskrivingsklare til kommunen i 2012. Dei fleste blei utskrivne til heimen og fekk bistand frå heimetenestene. 55 blei tatt imot på korttidsavdelinga. I tillegg vart 38 innlagt for enklare tilstandar frå heimen til korttidsavdelinga. Tala for 2012 viser at korttidsavdelinga tok imot 93 pasientar utanom avlastningspasientane.

## Andre år med samhandlingsreforma - 2013

Ny teknologi er tatt i bruk i 2013. Flora kommune er i eit pilotprosjekt med e-meldingar mellom kommune og Helse Førde. Medisinsk avdeling er første avdeling som er i gang. Desse meldingane skal sikre betre kvalitet på kommunikasjon om helsetilstand, legemidlar m.m. Beskjedar gjennom telefon skal etter kvart komme via e-melding. Så langt er erfaringane positive, og omsorgstenesta i Florø har frå før hatt god erfaring med e-meldingar til legetenesta.



Figur 3 Nye pasientar til korttidsavdelinga i 2013

Til og med 31.07.13 er 76 tatt imot på korttidsavdelinga. Av desse kom 51 frå sjukehus og 25 frå heimen. Fire av dei som kom inn frå heimen vart sendt vidare til sjukehuset for utgreiing der.

### Tiltak vert satt i verk for å rette opp:

- På lang sikt er det reduksjon av tenestetildeling som må gjerast. Dette er ein prosess der kvart vedtak må opp til ny vurdering. Tiltaket skal sjølvstendig ikkje utfordre forsvarleg pleie.
- Vurdere nøye behovet for vikar ved sjukdom.

### Tala kan bli betre gjennom:

- Tala for refusjon ressurskrevjande brukarar kan bli oppjustert med 1 mill.( er tatt høgde for i 6 mill)
- Dersom situasjonen no vedvarer vil vi ha lågare bemanningsbehov framover enn det vi drifta med første halvdel. Då kan tala bli betre.

Terje Heggheim  
Rådmann

SM 49/13



FÅR IKKJE TILSYN: 16 born i Sogn og Fjordane manglar i dag tilsynsførar. Fleire av kommunane oppfyller ikkje krava som er sett til ordninga. (Illustrasjonsbilete)

Foto: Scanpix / SCANPIX

## Mange fosterheimsborn står utan tilsynsførar - KS-leiaren er skuffa over kommunane

10 prosent av fosterheimsbarna i Sogn og Fjordane har ikkje tilsynsførar, sjølv om dei har krav på det etter lova. Det syner tal frå Fylkesmannen.



**Eva Marie Felde**  
Journalist



**Brit Jorunn Svanes**

Publisert 27.10.2013, kl. 05:58

I heile landet står nær 750 fosterheimsborn utan tilsynsførar.

**Det er kommunane sitt ansvar å rekruttere tilsynsførarar. Eid, Florø og Vågsøy er mellom kommunane som ikkje oppfyller lovkrava.**

Leiar i kommunane sin eigen organisasjon, KS, Jenny Følling, er skuffa over at mange kommunar bryt lova.

**– Eg er overraska og tykkjer det er mange. Det er alvorleg at kommunane bryt lova på dette området. Dei som veks opp i fosterheimar er nokon av dei mest sårbare vi har, seier Følling.**

- **LES OGSÅ:** – Mange fosterbarn vet ikke at de har en kontaktperson

**– Viktig med nøytral part**

10 prosent av fosterheimsborna i Sogn og Fjordane mangla i første halvår i år tilsynsførar, ein auke på tre prosent sidan årsskiftet. På landsbasis står 742 fosterheimsborn utan tilsynsførar.

Alle fosterheimsborn har krav på besøk frå ein tilsynsførar fire gonger i året. Heidi Vallestad har vore fostermor i eitt år. Ho meiner tilsynsførar-ordninga er viktig.

**– Eg tenkjer det er viktig å få inn ein nøytral part som ikkje er saksbehandlar eller andre du har tett kontakt med.**

Jenny Følling er samd med at det er viktig med tilsynsførarar når ein skal lage fosterheimstiltak ovanfor ei sårbar gruppe.

– Der det viktig å følgje opp at alt fungerer i heimen og skulen. Det gjeld også oppfølging av eventuell samværsrett med foreldre, seier Følling.

- **LES OGSÅ:** Kun halvparten av fosterbarn får oppfølging



**OVERRASKA:** KS-leiar Jenny Følling er uroa for at 16 born manglar tilsynsførar.

Foto: Alf Vidar Snæland

## Seier dei ikkje er flinke nok

Det er kommunen sitt ansvar å syte for nok tilsynsførarar. 16 born i fylket får ikkje den oppfølginga dei har krav på. Tre av dei har Flora kommune ansvar for.

Avdelingsleiar for barnevernstenesta i kommunen, Steinar Solheim, innrømmer at kommunen ikkje gjer ein god nok jobb.

Om vi ikkje greier å ha tilsynsførar i alle fosterheimar, er vi ikkje flinke nok. vi har prøvd ulike måtar å rekruttere på og det er ikkje alltid like lett å få gode tilsynsførarar.

I Florø prøver dei seg no på nye tiltak for å sikre rekrutteringa.

**– Vi har eit nytt forsøk der vi prøver å komme oss ut i andre kommunale einingar og prøver å rekruttere der, som til dømes på skular og barnehagar, seier han.**

- **LES OGSÅ: Sissel takker barnevernet for at de tok barna fra henne**
- **LES OGSÅ: Bufetat treng fleire som Heidi og Sigurd**

## Er uroa for kvaliteten

Leiar i fosterheimsforeininga i Sogn og Fjordane, Jan Ove Seinseth, er skuffa over at ikkje fosterborna får den oppfølginga dei skal. Men han er også uroa og kvalitet og hyppigheita i tilsynsbesøka.

– Vi har ingen statistikk på dei som har tilsynsførar og kor mange dei som har fått det, ser han eller ho. Ein ting er å bli oppnemnt, men det er viktig at tilsynsføraren faktisk har dei samtalane med fosterbarnet og heimen, seier han.

Jenny Følling meiner kommunane må ta grep som sikrar at dei oppfyller lovkrava.

**– Eg er sikker på at kommunane gjer så godt dei kan. Men det er kanskje viktig å rette ekstra fokus mot at ein greier å gjennomføre tilsyn. Har kommunane problem å skaffe nok folk, kan dei kanskje samarbeid med andre for å følge opp dei tiltaka ein har, seier ho.**

## Sogn og Fjordane

Telefon Førde: 57 72 42 42

Telefon Sogndal: 57 67 58 10

Telefon Nordfjordeid: 57 86 19 60

E-post: sf@nrk.no

Distriktsredaktør: Kai Aage Pedersen

SM 50/13

## Alme Audhild Ragni Vie

**Fra:** Øvrebø Vidar  
**Sendt:** 8. november 2013 11:05  
**Til:** Alme Audhild Ragni Vie  
**Emne:** VS: Div fakturaer  
**Vedlegg:** Sak frå Leiar KU fakturaer Fram Flora, Oljemesse mv, m.060913.pdf

<b>SEKOM-sekretariat</b>	
08 NOV. 2013	
J.nr.	1-518
Saksh.	Arkiv
U.off. etter	

**Fra:** Førde Terje  
**Sendt:** 8. november 2013 10:45  
**Til:** Øvrebø Vidar  
**Kopi:** Holme Bjarne ([bjarne.holme@flora.frp.no](mailto:bjarne.holme@flora.frp.no)) ([bjarne.holme@flora.frp.no](mailto:bjarne.holme@flora.frp.no))  
**Emne:** Div fakturaer

Vedlagte fakturaer er mottekne frå leiaren i Kontrollutvalet i Flora.

Vi sender dette over til Kontrollutvalet med spørsmål om dette har vore til handsaming i utvalet og/eller om dette er ei sak som KU meiner at revisjonen skal sjå nærmare på. Når det gjeld rådgjevarrolla vår prøver vi etter beste evne å oppfylle den i høve meir enkle førespurnader, spørsmål, etc. frå Kontrollutvalet, medlemmane og sekretariatet. Å bestille eit konkret arbeid eller ei spesiell gransking/undersøking bør etter vår oppfatning gå via utvalet.

Vi minner om at kontrollutvalet som kollegialt organ har krav på meir informasjon enn kva einskildmedlemmet har i høve saker som er/skal til handsaming. Det er spesielt at saker blir teke opp frå enkeltmedlemmer eller etter eige initiativ, utanfor det kollegiale organet som Kontrollutvalet er, og utan at øvrige medlemmer er orientert eller at 'bestillingar til revisjonen' ikkje er realitetshandsama i utvalet først. Vi har derfor ikkje prioritert å gå djupare inn i denne saka fram til no, sjølv om revisjonen har gjennomført ein del undersøkingar etter at henvendinga kom frå leiaren i KU. Vi finn det riktig å orientere litt frå våre undersøkingar i eit satt møte i KU samla. Vi kan gjerne orientere litt om dette under referat og meldingar i komande KU-møte. Fram Flora AS er eit eige rettssubjekt organisert etter Aksjelovgjevinga. Selskapet er ikkje underlagt den kommunale revisjon, men har privat revisor, og selskapet er ikkje underlagt kommunelova sine bestemmelsar. Kommunerevisjonen har heller ikkje ordinær innsynsrett i AS'et sin verksemd, drift og organisering, mv. Ein er likevel kjend med delar av dette gjennom den samhandling som finn stad i mellomverande mellom kommunen og selskapet.

Vi finn det også riktig å peike på at vedlagte fakturaer (eksemplar) er frå 2012. Skal vi gå djupare og meir omfattande inn i dette, må vi få ei avgrensa bestilling, der KU klargjer kva som skal undersøkjast, kontrollperiode, tid, år, område, og kva føremålet med ein slik kontroll er (etterlevelse av regelverk/rutiner?, budsjettfullmakter, samhandlinga mellom kommunen og Fram Flora AS, rekvirering, attestering, tilvising, fakturering, /rekneskapsføring, bruk av 'Formannskapet sin konto', osv.)?

Det er det kollegiale organet/kontrollutvalet sitt ansvar å føreta forvaltningsrevisjonar ut frå eigne eller Bystyret sin prioriteringar og etter ein heilheitleg plan for dette (ref. førearbeidene, overordna analyse og det som ligg i KU-sak 083/13 den 14. d.m). Vi kan ikkje sjå at den henvendinga vi snakkar om her har vore til handsaming i kommunen sitt Kontrollutval, og ber om tilbakemelding på om dette er ei prioritert sak frå Kontrollutvalet si side å sjå nærmare på. I tilfelle bør dette formaliserast gjennom ei eigen sak og bestilling frå utvalet.

Vi tek gjerne del i ein diskusjon kring dette på førstkomande møte i KU i Flora, om det skulle vere ønskjeleg.

Eitt alternativ kan vere at kommunen sjølv, ved administrativ og/eller politisk leing gjev forklaring kring dei fakturaene som vi har fått i hende frå leiaren i KU.



Mvh

**KRYSS Revisjon**

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: [terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)



*Bjørn Holme*

KOMMUNEREVISJONEN

Ytre Segn og Sunnfjord

KRYSS-REVISJON

Date: *06.09.20/30ff:*  
Sak nr. Reg.nr.:  
Arkiv:  
Avd.kode:  
Sakshandsamar *gf-*

**Fram Flora AS**  
 Postboks 93  
 Hestenesgata 4  
 6901 FLORØ  
 57754500

**Faktura** **1003453**  
 Fakturadato: 31.12.2011  
 Forfallsdato: 07.02.2012  
 Kundenr: 10078  
 Ordrenr.: 3530  
 Deres ref.:  
 Vår ref.:

Flora Kommune  
 Postboks 264  
 Att: Møyfrid Ellingsund  
 6901 FLORØ

29.12.2012

Org.nr 987 075 155 MVA  
 Bankgiro: 3705 07 50532  
 Side: 1  
 Periode:

Lev.adr: Flora Kommune Postboks 264 6901 FLORØ

Produktnr	Beskrivelse	Antall	Pris	Rabatt %	Beløp
Kontonr.: 121010					
Sammendrag Turistinformasjon 2011					
9	Omsetning souvenirer og guiding	-1	67.670,00		-67.670,00
9	Varekjøp 2010	1	19.885,00		19.885,00
9	Varekjøp 2011	1	66.251,00		66.251,00
9	Lønnskostnader	1	197.070,00		197.070,00
9	Administrasjon Fram Flora AS	1	50.000,00		50.000,00
8	Regnskapsteneste	1	10.010,00		10.010,00
9	Infokiosk	1	34.925,00		34.925,00
9	Rekvisita/telefon	1	1.107,00		1.107,00
25 % mva av 311.578,00					77.894,50
Ordresum					389.473,00

PRINTFORM 45780

### Kvittering

Innbetalt til konto **Beløp** **389.473 00** **Betalerens kontonummer** **6436339912** **Blankettnummer**

#### Betalingsinformasjon

Faktura 1003453  
 Kundenr: 10078

#### GIRO

Betalingsfrist  07.02.2012

Underskrift ved girering

Betalt av

Flora Kommune  
 Postboks 264  
 6901 FLORØ

Belast  
 konto

Betalt til

Fram Flora AS  
 Postboks 93  
 Hestenesgata 4  
 6901 FLORØ

Kvittering  
 tilbake

Kundidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

TH konto

Blankettnummer

10078010034530

389473 00 < 0 > 3705 07 50532

<6436339912>

GIRO F80-1 PRINTFORM 11.10

H

375274

**Fram Flora AS**  
 Postboks 93  
 Hestenesgata 4  
 6901 FLORØ  
 57754500

**Faktura** **1003514**  
 Fakturadato: 14.08.2012  
 Forfallsdato: 28.08.2012  
 Kundenr: 10078  
 Ordrenr.: 3662  
 Deres ref.: Bengt S. Olsen  
 Vår ref.: Lone Bækstedn

16 AUG 2012

Flora Kommune  
 Postboks 264  
 6901 FLORØ

Org.nr 987 075 155 MVA  
 Bankgiro: 3705 07 50532  
 Side: 1  
 Periode:

Lev.adr: Flora Kommune Postboks 264 6901 FLORØ

Produktnr	Beskrivelse	Ani	Pris	Rabatt %	Beløp
9	ONS 2012 Overnattinger, 13 stk, Inkl. 5% adm.gebyr	1	28 885,00		28 885,00
	25 % mva av 28 885,00				7 221,25
	Ordresum				36 106,00

**Kvittering**

Innbetalt til konto **36 106 00** Betalerens kontonummer **6437148232**

Betalingsinformasjon

Faktura 1003514  
 Kundenr: 10078

**GIRO**

Underskrift ved girering

Betalingsfrist  28.08.2012

Betalt av

Flora Kommune  
 Postboks 264

6901 FLORØ

Belast  
 konto

Betalt til

Fram Flora AS  
 Postboks 93  
 Hestenesgata 4  
 6901 FLORØ

Kvittering  
 tilbake

Kundekjenning (KID)

10078010035149

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

36106 00 < 3 > 3705 07 50532

<6437148232>

376951

Fram Flora AS  
Postboks 93  
Magnus Thingnesgt. 1  
6901 FLORØ  
57754500

**FLORA KOMMUNE**  
- 1 OKT 2012  
Tenestetorget

**Faktura** 1003547  
Fakturadato: 27.09.2012  
Forfallsdato: 11.10.2012  
Kundenr: 10078  
Ordrenr.: 3697  
Deres ref.:  
Vår ref.:

Flora Kommune  
Postboks 264  
Att: Bengt Solheim-Olsen  
6901 FLORØ

3 OKT 2012

Org.nr 987 075 155 MVA  
Bankgiro: 3705 07 50532  
Side: 1  
Periode:

Lev.adr: Flora Kommune Postboks 264 6901 FLORØ

Produkt nr	Beskrivelse	Antall	Pris	Rabatt %	Beløp
	ONS 2012				
9	Deltaking Vågen, tysdag	14	1 900,00		26 600,00
	25 % mva av 26 600,00				6 650,00
	Ordresum				33 250,00

Pronorm AS - 43730

### Kvittering

Innbetalt til konto **33 250 00** Betalerens kontonummer **64 371 578 57**

#### Betalingsinformasjon

Faktura 1003547  
Kundenr: 10078

#### GIRO

Underskrift ved giroring

Betalingsfrist

11.10.2012

Betalt av

Betalt til

Flora Kommune  
Postboks 264

Fram Flora AS  
Postboks 93  
Magnus Thingnesgt. 1  
6901 FLORØ

6901 FLORØ

Belast  
konto

Kvittering  
tilbake

Kundidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

10078010035479

33250 00 < 2 > 3705 07 50532

<6437157857>



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Amt Erik Nordheim  
Telefon: 57643168  
E-post: fmsfaen@fylkesmannen.no

Vår dato  
29.10.2013  
Dykkar dato  
25.09.2013

Vår referanse  
2013/2721 - 323  
Dykkar referanse  
13/998

Flora kommune  
Markegata 51  
6900 Florø

## Lovlegkontroll av avgjerd som gjeld lukking av møte, Flora kommune

Vi viser til oversending frå Flora kommune 25.09.2013, som gjeld krav om lovlegkontroll av lukking av møte i sak 88/13 frå Flora bystyre 13.06.2013.

Kravet er fremja av fire kommunestyrerepresentantar og er sett fram innan fristen. Vilkåra for å handsame kravet er til stades.

**Flora bystyre si avgjerd om å lukke handsaminga av sak 88/13 den 13.06.2013 har ikkje kome til på rett måte, og Fylkesmannen ber om at kommunen endrar praksis i framtida. Det er ingen haldepunkt for at feilen kan ha påverka vedtaket i sak 88/13. Vedtaket er derfor gyldig.**

### Bakgrunn for saka

Flora kommune handsama sak 88/13, *Orientering om enkeltvedtak kommunale tenester*, i møte den 13.06.2013. I møteprotokollen heiter det om sakshandsaminga i møtet:

*...Det vart først debattert vedk. opne eller lukka dører ved handsaminga av saka.*

*Repr. Nødseth, H, Holme, FRP og Djuvik, FRP vil krevje lovlegkontroll dersom bystyret vedtek at saka skal gå for lukka dører.*

*Steindal, AP ber om timeout.*

*I fall det vert vedteke at saka skal gå for opne dører varsla rådmannen protokolltilførsel.*

*Det vart røysta over opne eller lukka dører, der det vart vedteke med 25 mot 10 røyster at saka skulle handsamast for lukka dører.*

*Desse ti som røysta for opne dører var: Nødseth, Vågane, Madsen, Holme, Djuvik, Midtbø, Halvorsen, Sjørdal, Tonheim og Eliasson.*

*Det vart så røysta over om part i saka skulle få vere tilstades under handsaminga. Det var vedteke med 26 mot 9 røyster at part i saka skulle forlate salen.*

*Dei 9 som røysta imot var dei same som røysta for opne dører, med unntak av Eliasson.*

I sak 88/13 vart det gjort slik vedtak:

- 1. Bystyret stadfestar gjeldande arbeidsdeling mellom politisk utval, bystyret og rådmannen. (Vedteke mot sju røyster)*
- 2. Saka vert å sende attende til rådmannen. (Vedteke mot seks røyster)*
- 3. Bystyret gir rådmannen fullmakt til å innvilge avlastning som gir stabilitet for NN i den utstrekning familien har behov for fram til eigen bustad er klar. (Vedteke mot ei røyst.)*

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett  
www.fylkesmannen.no/sfj

Kommunestyrerepresentantane Frank Willy Djuvik (Frp), Bjarne Holme (Frp), Halvor Halvorsen (V) og Jacob Nødseth (H) har i brev datert 18.06.2013 sett fram krav om lovlegkontroll av bystyret si avgjerd om å lukke møtet.

Kravet er grunngjeve med at foreldra til tenestemottakaren har fortalt si historie i ein lengre artikkel i Firdaposten 11.06.2013, at dei hadde bedt om at saka vart handsama for opne dører og at dei var til stades i møtelokalet den 13.06.2013 med sin advokat. Kravstillarane legg derfor til grunn at saka måtte handsamast i ope møte, jf. hovudregelen i kommunelova § 31 nr. 1 og forvaltningslova § 13a nr. 1 og 3.

Bystyret handsama kravet om lovlegkontroll i møte 17.09.2013, sak 124/13. Kommunen meiner at parten sitt samtykke til opne dører, ikkje kan vege tyngre enn kravet til forsvarleg sakshandsaming i saker som er underlagt teieplikt. Kommunen la her vekt på at handsaming for opne dører ikkje fritek kommunale tilsette eller folkevalde representantar frå teieplikta, og at opne dører derfor kunne føre til at viktige opplysningar ikkje ville komme fram i møtet. Bystyret heldt fast ved avgjerda i sak 88/13.

Kravstillar Nødseth har i telefonsamtale hit 08.10.2013 gjort gjeldande at lukking av møtet også kan ha påverka realitetsavgjerda i sak 88/13. Ifølgje Nødseth hadde kanskje politikarar og administrativt tilsette handla annleis eller lagt meir band på seg dersom saka hadde gått for opne dører.

### **Regelverk**

Etter kommunelova § 59 nr. 1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret krevje lovlegkontroll av avgjerder frå kommuneadministrasjonen eller eit folkevald organ. Det same gjeld lukking av møte etter kommunelova § 31, og avgjerder om habilitet.

Fylkesmannen er delegert mynde etter kommunelova § 59 til å utføre lovlegkontroll av kommunale avgjerder på det aktuelle området, jf. rundskriv H-25/92 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Etter kommunelova § 59 nr. 4 skal Fylkesmannen ta stilling til om:

- innhaldet i avgjerda er lovleg
- avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- avgjerda har kome til på rett måte

Dersom Fylkesmannen kjem til at vedtaket er ugyldig, skal vi oppheve det.

### **Fylkesmannen si vurdering**

#### *Lukka eller ope møte*

Utgangspunktet er at alle møte i folkevalde organ skal vere opne for allmenta, jf. kommunelova § 31 nr. 1. Unntak frå denne hovudregelen krev vedtak om lukking av møte og må ha særskilt heimel, jf. kommunelova § 31 nr. 2 til 5. Dersom det vert bestemt at møtet skal vere lukka, skal avgjerda og heimelen for å lukke møtet gå fram av møteboka, jf. kommunelova § 30 nr. 4.

Det går ikkje direkte fram av møteprotokollen til sak 88/13 kva som var heimelen for å lukke møtet, men møtedokumenta er markerte «Unntatt offentlighet § 13 U.off. Offl. § 13, jf. Forvl. § 13». Kommunen har også opplyst at det i møtet vart vist til kommunelova § 31 nr. 2, før avgjerda om å lukke møtet vart gjort. Det er såleis ikkje tvil om at lukkinga var grunngjeve med lovbestemt teieplikt, men dette burde likevel ha blitt protokollert på ein klar og eintydig måte.

Realiteten i sak 88/13 gjaldt tildeling av kommunale omsorgstenester. Det er såleis klart at det ville kome fram opplysningar i møtet som normalt er teiepliktige etter forvaltningslova § 13 nr. 1. Føresegna pålegg kommunen å hindre at nokon får kjennskap til «noens personlige forhold».

Kravsstillarane har vist til unntaket frå teieplikt i forvaltningslova § 13a nr. 1:

*Taushetsplikt etter § 13 er ikke til hinder for:*

*1. at opplysninger gjøres kjent for dem som de direkte gjelder, eller for andre i den utstrekning de som har krav på taushet samtykker,[...]*

Spørsmålet er dermed om samtykke til fritak frå teieplikt, i den grad det låg føre, medførte at kommunen ikkje lenger kunne nytte kommunelova § 31 nr. 2 som heimel for å lukke møtet.

Kommunal- og regionaldepartementet drøfta problemstillinga særskilt i samband med endring av kommunelova i 2011, sjå Prop. 152 L (2009-2010); *Endringar i kommuneloven (møteoffentlegheit)*, s. 23:

*Etter forvaltningslova § 13 a nr. 1 blir teieplikta oppheva dersom den som har krav på taushet, samtykkjer. Ein går ut frå at det same etter gjeldande rett vil gjelde i samband med møte. Det vil seie at heimelen for å lukke møte på grunn av teieplikt fastsett ved lov da ikkje lenger kan nyttast. Departementet viser i høyringsnotatet til at sjølv om privatpersonen det gjeld, ikkje har noko imot at private tilhøve blir drøfta i ope møte, kan dei folkevalde sjølve leggje band på seg ut frå ei kjensle av kva som sømer seg. I så fall kan ein risikere at saka vil bli dårlegare opplyst enn om møtet hadde gått for stengde dører...*

I lovframlegget konkluderte departementet likevel med at det ikkje var nødvendig å ta inn nokon særskilt heimel til å lukke saker der teieplikta er oppheva på grunn av samtykke frå privatpersonar. Omsynet til at vedkommande part har moglegheit til å tillate demokratisk kontroll, var, slik departementet såg det, avgjerande.

Dersom det låg føre samtykke i saka, hadde bystyret såleis ikkje heimel til å lukke møtet på grunn av teieplikt. Rettskjeldene som kommunen har vist til i si vurdering 17.09.2013, ser ut til å omtale situasjonar der folkevalde organ ikkje lukkar møtet sjølv om det ikkje ligg føre samtykke til fritak. I slike typetilfelle er det klart at den forvaltningsmessige teieplikta framleis gjeld, og at organet, gjennom å avgjere at ei slik sak skal gå for opne dører, til dømes ikkje kan påleggje tilsette å leggje fram teiepliktige opplysningar. Situasjonen er derimot motsett når det ligg føre samtykke, sidan det då er teieplikta i seg sjølv som er oppheva med heimel i forvaltningslova § 13 a nr. 1.

Det er ikkje formelle formkrav til samtykke. Omsyn til notoritet tilseier at samtykke normalt bør vere skriftleg og liggje føre i god tid før møtet, men munnleg erklæring frå parten kan vere tilstrekkeleg dersom parten møter personleg. I denne saka er det ikkje dokumentert at partane ønskte at saka skulle gå for opne dører, eller om kommunen la vekt på at samtykket ikkje var skriftleg. Vi ser at kommunen bør vere restriktiv med å konfrontere parten direkte i møtet om dei ønskjer at saka skal gå for opne dører, sidan dette i enkelte tilfelle vil kunne oppfattast som utilbørleg press om å opne saka for allmenta. I denne saka er vi derimot samde med kravsstillarane i at fritaksspørsmålet raskt kunne vore klarert med parten, som var til stades i salen saman med advokat. Vi forstår også kommunen si framstilling 17.09.2013 slik at det faktisk låg føre samtykke, og at det ikkje var tvil om dette.

Det går elles fram av saksdokumenta at mottakaren av tenestene fylte 18 år i mars 2013, medan det var foreldra som var til stades i møtet 13.06.2013. I saksdokumenta til sak 88/13 går det fram at far til tenestemottakaren er hjelpeverje, jf. også noverande verjemålslov



§ 101 nr. 2. Fylkesmannen legg til grunn at dei folkevalde var kjende med representasjonsforholdet mellom faren og tenestemottakaren.

Utgangspunktet er at den som er verna av ei teieplikht, sjølv må samtykke i å oppheve teieplikta, også dersom personen har verje. Men det gjeld berre så langt parten sjølv har evne til å forstå konsekvensane av eit samtykke. Elles må samtykket gjevast av verja. Ut frå opplysningane i saka legg vi til grunn at tenestemottakaren ikkje var samtykkekompetent i spørsmålet om saka skulle gå for opne dører. Vi legg vidare til grunn at bystyret både var kjent med dette og med at faren som hjelpeverje hadde mandat til å frita for teieplikta. Generelt bør kommunen likevel protokollere vurderinga si av samtykkekompetanse, når spørsmålet oppstår.

Sidan teieplikta var oppheva, konkluderer vi med at kommunelova § 31 nr. 2 ikkje gav grunnlag for å lukke handsaminga av sak 88/13. Vi legg til grunn at kommunen vil endre praksis i liknande saker i framtida, slik at partane sine ønskje og behov for demokratisk kontroll vert ivaretekne.

Det kan stillast spørsmål om andre lukningsgrunnlag kunne ha vore aktuelle, jf. særleg kommunelova § 31 nr. 4 om lukking når omsynet til personvern krev det. Fylkesmannen legg til grunn at omsynet til personvern kan gå lenger enn reglane om teieplikht. Sjølv om privatpersonen det gjeld, ikkje har noko imot at private tilhøve blir drøfta i ope møte, kan dei folkevalde sjølve leggje band på seg. I så fall kan ein risikere at saka vil bli dårlegare opplyst enn om møtet hadde gått for stengde dører. På den andre sida kan lukka møte føre til at parten mister moglegheita for demokratisk kontroll.

Omsyna for å ha tilhøyrarar til stades, må eventuelt vegast mot dei omsyna som taler for å lukke møtet. Personvern kunne vore ein aktuell lukningsgrunn dersom det var reell tvil om kor langt teieplikhtreglane gjaldt, eller når dei folkevalde sjølve, ut frå ei oppfatning av kva som sømmer seg, meiner det er nødvendig for personvernet, sjå Prop. 152 L (2009-2010) s. 26.

Personvern er ikkje ein tvungen lukningsgrunn. Det er derfor eit krav dei folkevalde må gjere ei konkret interesseavveging av personvernomsynet på den eine sida, mot omsynet til ålmenta si interesse av å vere til stades på møtet, sjå Prop. 152 L (2009-2010) s. 44.

Det er ikkje forhold i saka som tyder på at bystyret har vurdert kommunelova § 31 nr. 4 som ei aktuelt lukningsgrunnlag, og bystyret har følgjeleg heller ikkje gjort noko interesseavveging, slik føresegna krev. I den grad bystyret har meint at kommunelova § 31 nr. 4 gav heimel for å lukke møte, må Fylkesmannen derfor konkludere med at avgjerda ikkje har kome til på rett måte, jf. kommunelova § 59 nr. 4 bokstav c.

#### *Følgjer for vedtaket i saka*

Spørsmålet er dermed kva følgjer det får for det endelege vedtaket i saka, at saka var handsama bak lukka dører. I den nye rettleiaren for lovlegkontrollar, H-2299 av 21.10.2013, skriv departementet om lovlegkontroll av avgjerder som gjeld møteoffentlegheit, jf. pkt. 6.1.5:

*...Dersom saken er ferdigbehandlet i det kommunale organet og det foreligger en realitetsavgjørelse i saken, blir det avgjørende om feilen medfører at denne avgjørelsen er ugyldig, dvs. om feilen kan ha virket bestemmende på avgjørelsens innhold, jf. forvaltningsloven § 41. Dersom feilen, dvs. den uriktige prosessledende beslutningen, ikke kan ha virket inn på innholdet i den endelige avgjørelsen, må det legges til grunn at avgjørelsen heller ikke kan oppheves på det grunnlaget.*

I juridisk teori<sup>1</sup> er det lagt til grunn at brot på reglane om lukking av møte, normalt ikkje fører til at realitetsavgjerda i saka vert ugyldig. Omsyna bak føresegnene om lukking er å balansere allmenta sitt behov for innsyn og demokratisk kontroll, opp mot forvaltninga sitt behov for å gjere unntak ut frå saklege og verneverdige interesser. Reglane skal såleis ivareta andre omsyn enn å sikre eit forsvarleg avgjerdsgrunnlag i saka. Praksis frå Sivilombodsmannen går i same retning som juridisk teori.

Vedtaket innebar oppsummert at bystyret stadfesta gjeldande arbeidsdeling mellom politisk utval, bystyret og rådmannen, at saka vart sendt attende til rådmannen, og at rådmannen fekk fullmakt til å gje avlastning til parten. Vi konstaterer at ein av kravstillarane meiner at debatten i sak 88/13 var prega av at møtet var lukka. Det ligg ikkje føre utdrag eller referat frå meiningsutvekslinga i møtet.

Samla sett meiner vi det må kunne påvisast særlege tilhøve for å kunne konstatere at ei avgjerd om å lukke møtet, kan ha påverka den påfølgjande sakshandsaminga og det aktuelle vedtaket. Vi har ingen haldepunkt for at det er lagt vekt på usaklege eller utanforliggende omsyn, at saka ikkje er utgreidd, eller at det er gjort andre feil som kan ha påverka innhaldet. I kommunestyret var det berre ei røyst som var imot den delen av vedtaket som direkte gjaldt parten som hadde samtykt i at saka vart handsama for opne dører.

Vedtaket i sak 88/13 er derfor gyldig, sjølv om avgjerda om å lukke møtet ikkje var lovleg.

#### **Vedtak**

**Flora bystyre si avgjerd om å lukke handsaminga av sak 88/13 den 13.06.2013 har ikkje kome til på rett måte, og Fylkesmannen ber om at kommunen endrar praksis i framtida. Det er ingen haldepunkt for at feilen kan ha påverka vedtaket i sak 88/13. Vedtaket er derfor gyldig.**

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Anne Kristin Kayser  
juridisk sjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

---

<sup>1</sup> Bernt og Overå; *Kommuneloven med kommentarer (2011)*, s. 286

**076/13 PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 78614 TILSYNSPÅLEGG 2009**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat

**Dato:** 04.11.2013.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	14.11.2013	076/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Ja

**Saksvedlegg:**

Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 28.10.2013.

Sak 019/13 i prosjektkomiteen 21.08.2013

Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 04.07.2011.

Sluttrapport prosjekt 78614 Tilsynspålegg m.m. 2009, datert 07.06.2011.

Byggerekneskap datert 16.07.2010.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova .

Økonomireglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 28.10.2013.

Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL FORMANNSKAPET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKNESEKAP – SLUTTREKNESEKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 78614 TILSYNSPÅLEGG 2009**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 78614 Tilsynspålegg 2009. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 28.10.2013.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 528.927,01. Prosjektet er budsjettert med ei råme på kr 550.000. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr 21.072,99. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at mindreforbruket vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon, art 2919999.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Formannskapet gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker inntil kr 3.000.000,-, jfr. reglement for Flora kommune. Formannskapet gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte mindreforbruket skal disponerast

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

Flora Formannskap  
v/Ordførar  
6900 Florø

<b>SEKOM-sekretariat</b>	
34 NOV. 2013	
J.nr. 1	499
Saksh.:	Arkiv
Ukryst/Flora/prosjektrek/2013/prosjekt78614	212/614

Dykkar ref.:

Journalnr.: 095/2013  
Dokumentdato: 28.10.2013

## REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78614 TILSYNSPÅLEGG 2009.

Rekneskaper for ovannevnte prosjekt nr 78614 – tilsynspålegg 2009 har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Formannskap i vurderinga av riktigheita av økonomien i prosjekt nr 78614 – tilsynspålegg 2009

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for prosjekt nr 78614 – tilsynspålegg 2009 om viser ein totalkostnad på Kr 528 927,01. Den vedtekte budsjettramma for prosjektet utgjer kr 550 000,- Prosjektet har eit mindreforbruk på kr 21 072,99. Det ligg til Flora Formannskap å disponere mindreforbruket i prosjektet.

Prosjektkomiteen har gjeitt si tilråding til disponering i PRKO -019/13. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Formannskap tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-019/13.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskaper er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskaper samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskaper er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskaperne for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Formannskap sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for prosjekt nr 78614 – tilsynspålegg 2009 vil bli innstilt så snart Flora Formannskap sitt vedtak i saka er effektivert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 28.10.2013

Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

Vedlegg: Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
PRKO-019/13  
Førebels revisjonsuttale 04.07.2011

Kopi: Kontrollutvalet  
Rådmannen  
regnskapssjef Ruth S.Sunde  
Controller Berit Seljeseth Osa

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen

**Møtedato**  
21.08.2013

**Saksnr**  
019/13

**Sakshandsamar:**  
Hanne A. Morotaie

**Arkiv:** K1-614  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
11/1034

## **PROSJEKT 78614 - TILSYNSPÅLEGG 2009**

### **Kva saka gjeld:**

Pålegg på gitt frå forskjellige tilsynsorgan gjeldande utbetring av feil og manglar ved bygningsmassen til Flora Kommune.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr.21 073,99 vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon, art 2919999

### **21.08.2013 PROSJEKTKOMITEEN**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-019/13 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr.21 073,99 vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon, art 2919999

Terje Heggheim  
Rådmann

Vidar Vårdal  
Leiar, Florø Bygg og eigedom

I tillegg til utførte tiltak vart prosjektet belasta med kr. 9 798,51 i bygjelånsrenter og kr.50 000,- i administrative kostnader. Arbeida vart gjennomført som planlagt med ei netto innsparing i høve budsjett på kr 21 072,99.

Prosjektet var i si heilheit lånefinansiert og det ligg til dei politiske organa å tilrå korleis mindreforbruket skal disponerast.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	16.07.2010	Økonomi	Byggrekneskap for prosjekt nr 78614: Tilsynspålegg mm 2009	
4	I	04.07.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for Prosjekt 78614 - Tilsynspålegg 2009	



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen

**Møtedato**  
21.08.2013

**Saksnr**

**Sakshandsamar:**  
Hanne A. Morotaie

**Arkiv:** K1-614  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
11/1034

## PROSJEKT 78614 - TILSYNSPÅLEGG 2009


### Kva saka gjeld:

Pålegg på gitt frå forskjellige tilsynsorgan gjeldande utbetring av feil og manglar ved bygningsmassen til Flora Kommune.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr.21 073,99 vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon, art 2919999

  
Terje Heggheim  
Rådmann

  
Vidar Vårdal  
Leiar, Florø Bygg og eigedom



### **Innleiing:**

I sak 007/09 oppretta prosjektkomiteen prosjektet -Tilsynspålegg m.m. 2009,- med ei ramme på kr.300.000,-. Etter tilsyn frå Norsk heiskontroll vart det konstanterert manglar ved heiser på Flora omsorgssenter og ved Barneskulen. Prosjektkomiteen vedtok derfor i sak 028/09 den 07.10.2009 å auke ramma til totalt kr 550.000.

### **Vurdering:**

Bygningsmassen til Flora kommune får meir eller mindre regelmessig tilsyn frå fleire tilsynsorgan årleg. Av tilsynsorgan kan nemnast Branntilsyn, Arbeidstilsyn, EI-tilsyn, Mattilsyn, Norsk heiskontroll mfl.

På gjeldande tidspunkt hadde Flora Kommune eit pålegg frå Mattilsynet om godkjenning/utbetring av skulevassverka. Vidare hadde ein avdekka manglande alarmoverføring/kontroll av alarmoverføringa for nokre av bygga, både for brannalarm og heisalarm.

Det var vanskeleg å finne rom for større utgifter i driftsbudsjettet til Bygg & vedlikehald som følgje av dei ulike tilsynspålegga. For raskast mogeleg å kunne etterkomme desse pålegga vart det difor i prosjektkomiteen, sak 007/09 den 11.03.2009 oppretta prosjekt 78614 – Tilsynspålegg m.m. Prosjektet skulle ta høgde for kjente og forventa pålegg om utbetring gjennom året.

### **følgjande tiltak vart gjennomført:**

1. mobilbasert alarmoverføring til 15 bygg: etter ein gjennomgang av alarmoverføringa til 110 vart det avdekka manglande alarmoverføring/kontroll av alarmoverføring for nokre av bygga, både for brannalarm og heisalarm (*krav frå Heiskontroll*). Det vart gjennomført anbodskonkurrans med 2 landsdekkande tilbydarar. *Ved å gå over til ny teknologi for alarmoverføringa har ein oppnådd ei årleg innsparing i driftsutgifter på ca.kr.20 000.-.*
2. Ny brannsentral Miljøhuset: Eksisterande brannsentral tilfredsstilte ikkje krav til adresserbart alarmgiving. Dette vart avdekka etter brannteknisk analyse. (*Gjennomført som følgje av krav etter branntilsyn*). *Dette vart gjennomført etter tilbod frå Sønnico Installasjon AS.*
3. Panikkbeslag på rømmingsdør ved Standal Skule. (*Branntilsyn*)
4. Ny port i brannstasjon Rognaldsvåg: Etter personskafe ved opning av den gamle porten vart det installert ny port.
5. Reparasjon av heis på Flora omsorgssenter. *Norsk heiskontroll avdekka feil.*
6. Brannalarmanlegg i Eikefjord barnehage.
7. Brannalarmanlegg i Nyheimvegen barnehage.
8. Reparasjon av heis ved Florø barneskule. *Norsk heiskontroll avdekka feil.*
9. Oppgradering av brannalarmanlegg på Haffen. m.a. utkopling av straumtilførsel til øvingsrom for rockeband og til diskotek ved brann (alarm).
10. Sol-skjerming ved dag avdeling ved Flora omsorgssenter

### **Økonomiske konsekvensar:**

Tiltaka vart gjennomført dels etter anbod og dels etter direkte-kjøp ved tilbod.

Samla forbruk vart kr.528 927,01.

I tillegg til utførte tiltak vart prosjektet belasta med kr. 9 798,51 i bygjelånsrenter og kr.50 000,- i administrative kostnader. Arbeida vart gjennomført som planlagt med ei netto innsparing i høve budsjett på kr 21 072,99.

Prosjektet var i si heilheit lånefinansiert og det ligg til dei politiske organa å tilrå korleis mindreforbruket skal disponerast.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	16.07.2010	Økonomi	Byggrekneskap for prosjekt nr 78614: Tilsynspålegg mm 2009	
4	I	04.07.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for Prosjekt 78614 - Tilsynspålegg 2009	

Flora Kommune  
Prosjektkomiteen  
v/Reidulf Refsnes  
6900 Florø

FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK	
Arbevsaker: 11/1034-4	
Dato: - 5 JUL 2011	
E: 614	S:
Utf.:	Revisje:
Saker: LONY	Kopi: RERE, TEHE, LIAS

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/Flora/prosjektrek/2011/prosjekt78614/os11

Arkivkode:

212/614

Journalnr.:

133/2011

Dokumentdato:

04.07.2011

### FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR PROSJEKT 78614 TILSYNSPÅLEGG m.m. 2009.

Det ligg fore sluttregneskap for ovannemnde prosjekt d. 16.07.2010.

Det ligg fore sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d.07.06.2011.

Saka er oversendt revisjonen for forebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg fore rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78614 Tilsynspålegg* - som viser ein total kostnad på Kr.528.927,01. Godkjent økonomisk ramme for prosjektet er Kr.550.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på Kr.21.072,99 i forhold til budsjett. Prosjektkomiteen må gje tilråding om korleis mindreforbruket skal nyttast. Netto prosjektkostnader er i si heilheit lånefinansiert. Det ligg såleis til Flora Bystyre å gjere vedtak om disponering av mindreforbruket.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttregneskapen som ligg fore.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan foreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapsaka. Vi viser elles til dokument som følger saka.

6900 Florø den 4. juli 2011

Med helsing

**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD  
Oddbjørn Svarthumle  
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Utskrift av rekneskap d.16.07.2010

Sluttrapport d. 07.06.2011

Kopi Brev av 28.06.2011 frå Prosjektleder.

Kopi:

Rådmannen

Økonomisjet.

Prosjektleder Lars Ove Nygård

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Halstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde, Tlf. 57 82 48 01

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)



FLORA  
KOMMUNE

FLORA BYGG OG  
EIGEDOM  
KRYSS-REVISJON

Ytre Sunnfjord Revisjonsdistrikt  
Markegata 51  
Strandgata 43  
6900 FLORØ

Dato: 28.06.2011 Off:  
Sak nr. 139/2011 Reg.no:  
Arkiv: 212/614  
Avd.kode: 1401  
Saksbehandl: 05

Vår ref.  
11/1034-3/K1-614/LONY


Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 28.06.2011

## PROSJEKT 78614 - TILSYNSPÅLEGG MED MER 2009

Viser til vedlagt byggrekneskap og sluttrapport og ber om førehandssamtykke til prosjektet.

Med helsing

  
Lars Ove Nygård  
Avdelingsleiar

### Vedlegg:

Byggrekneskap  
Sluttrapport

Postadr.:  
Markegata 51  
6900 FLORØ

Besøksadr.  
Strandgata 43

Telefon / faks:  
57 75 60 00 /  
57 75 68 71

Bankgiro:  
3775 07 09002

E post:  
[postmottak@flora.kommune.no](mailto:postmottak@flora.kommune.no)  
Org.nr: MVA

FLORA KOMMUNE	Mal					
	Sluttrapport					
	Dok	nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknader
	M-	003	-00	xx.yy.02	(sign.)	Til godkjenning

Prosjekt namn:	Tilsynspålegg m.m. 2009	Nr:	78614
----------------	-------------------------	-----	-------

**Politiske vedtak (saksnr./dato):**



Plan og Miljøutval:	
Prosjektkomite:	Sak 07/09 – 11.03.2009 & sak 28/09 – 07.10.2009
Formannskap:	
Bystyre:	

**Historikk / Etervurderingar:**

(Avvik og erfaringar i forhold til planar, framdrift, økonomi, kvalitet etc.)
I sak 07/09 oppretta prosjektkomiteen prosjektet "Tilsynspålegg m.m. 2009", med ei ramme på kr 300.000,-. Etter tilsyn frå Norsk heiskontroll vart det oppdaga store manglar ved heiser i Flora omsorgssenter og ved barneskulen. Prosjektkomiteen vedtok derfor i sak 28/09 å auke ramma til totalt kr 550.000. Følgjande tiltak er gjennomført:
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. mobilbasert alarmoverføring til 15 bygg: etter ein gjennomgang av alarmoverføringa til 110 vart det avdekka manglande alarmoverføring/kontroll av alarmoverføringa for nokre av bygga, både for brannalarm og heisalarm (krav frå Heiskontroll). Det vart gjennomført anbuds konkurranse med 2 landsdekkande tilbydarar. Ved å gå over til ny teknologi for alarmoverføringa har ein oppnådd årleg innsparing i driftsutgifter på ca kr 20 000,-.</li> <li>2. ny brannsentral Miljøhuset: Eksisterande brannsentral tilfredsstilte ikkje krav til adresserbart alarmgiving. Dette vart avdekka etter brannteknisk analyse (gjennomført som følge av krav etter brannsyn). Gjennomført etter tilbod frå Sønnico Installasjon AS</li> <li>3. panikkbeslag rømmingsdør Standal skule (branntilsyn)</li> <li>4. ny port i brannstasjon Rognaldsvåg: etter personskaade ved opning av den gamle porten vart det installert ny port</li> <li>5. reperasjon av heis i Flora omsorgssenter. Norsk heiskontroll avdekka feil</li> <li>6. brannalarmanlegg i Eikefjord bh</li> <li>7. brannalarmanlegg i Nyheimvegen bh</li> <li>8. reperasjon av heis ved Florø barneskule. Norsk heiskontroll avdekka feil</li> <li>9. oppgradering brannalarmanlegg Haffan, m.a. utkopling av straumtilførsel til øvingsrom for rockeband og til diskotek ved brannalarm</li> <li>10. solskjerming ved dagavdeling ved Flora omsorgssenter</li> </ol>
Tiltaka er gjennomført dels etter anbod og dels etter direktekjøp ved tilbod. Samla forbruk kr 528 927,01. I tillegg til utførte tiltak er prosjektet belasta med kr 9 798,51 i byggjelånsrenter og kr 50 000,- i adm. kostnad. Arbeida er gjennomført som planlagt med ei netto innsparing i hove budsjett på kr 21 072,99.

**Økonomi:**

Vedtatt ramme: 300.000,-	Prosjektkomiteen sak 07/09 – 11.03.2009
Eventuelt justert ramme: 550.000,-	Prosjektkomiteen sak 28/09 – 07.10.2009
Endelige tot. Kostnader: 528.927,01	
Avvik (- +): Netto innsparing 21.072,99	
Eventuell Oppfinansiering:	Bystyre sak:

Dato: 07.06.2011	Dato: 07.06.2011
Sign:  Reidulf Refsnes –tefesteleiar-	Sign:  Lars Ove Nygård –prosjektleiar-



<legg inn ønsket tittel>

1 FLORA KOMMUNE (2010) - År/Periode 2010 1 - 12

08.07.2010

	Regnskap 2008	Buds(end) 2008	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2010	Buds(end) 2010
Prosjekt: 78614 Tilsynspålegg m.m. 2009						
31951 AVGIFTER GEBYRER OG LISENSER	0,00	0	16.795,20	0	0,00	0
32301 BYGGETENESTER VEDLIKEHALD	0,00	0	273.096,40	0	85.411,20	0
32310 TOTALENTREPRISE	0,00	0	0,00	300.000	0,00	250.000
32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP	0,00	0	50.000,00	0	0,00	0
34291 MVA PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER	0,00	0	72.472,90	0	21.352,80	0
35002 BYGGELANSRENTER	0,00	0	6.240,00	0	3.558,51	0
Sum utgifter	0,00	0	418.604,50	300.000	110.322,51	250.000
39101 BRUK AV LÅN						
Sum inntekter	0,00	0	-418.604,50	-300.000	-110.322,51	-250.000
Sum prosjekt: 78614 Tilsynspålegg m.m. 2009	0,00	0	-418.604,50	-300.000	-110.322,51	-250.000
TOTALT	0,00	0	0,00	0	0,00	0

Byggerekneskap for: Tilsynspålegg m.m 2009

Prosjekt nr. 78614

År: 2009-2010

Spesifikasjon utgifter / inntekter:

Kostnadsart:	År 2009	År 2010	Til saman:	Budsjett
<b>Utgifter:</b>				
190 Avgifter, gebyr og lisensar	16 795,20		16 795,20	
230 Byggtjenester	273 096,40	85 411,20	358 507,60	550 000
270 Konsulenttenester				
290 Interne overføringer	50 000,00		50 000,00	
429 MVA-vederlag anskaffelser	72 472,90	21 352,80	93 825,70	
500 Renter	6 240,00	3 558,51	9 798,51	
<b>Sum utgifter</b>	<b>418 604,50</b>	<b>110 322,51</b>	<b>528 927,01</b>	<b>550 000</b>
<b>Inntekter:</b>				
700 Refusjon frå andre			0,00	
830 Overføring frå fylke				
<b>Sum inntekter</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Netto utgift</b>	<b>418 604,50</b>	<b>110 322,51</b>	<b>528 927,01</b>	<b>550 000</b>
<b>Netto innsparing i høve til budsjett</b>				<b>21 072,99</b>

Finansiering

År	Rekneskap Netto utgift	Finansiering		
		Bundne fond	Likv.reserve	Lån
2009	418 604,50			418604,5
2010	110 322,51			110322,51
<b>Sum</b>	<b>528 927,01</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>528 927,01</b>
<b>Netto innsparing</b>				<b>21 072,99</b>

Løyvingar		
Prko 07/09	Lån	300 000
Prko 28/09	Lån	250 000
<b>Sum</b>		<b>550 000</b>

FLORA KOMMUNE  
Økonomiavdelinga, 16.07.2010

*Linda N. Asphjell*  
Linda Nipen Asphjell  
økonomisjef

4.7.2011  
*Ruth Svortevik Sunde*  
Ruth Svortevik Sunde  
rekneskapsjef

*Ruth Svortevik Sunde*  
Ruth Svortevik Sunde  
rekneskapsjef



**077/13 PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 79548 ENØKPLAN & ENØKTILTAK**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat

**Dato:** 04.11.2013.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	14.11.2013	077/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Ja

**Saksvedlegg:**

Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 31.10.2013.

Sak 020/13 i prosjektkomiteen 21.08.2013

Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 04.07.2011.

Sluttrapport prosjekt 79548 Enøkplan & Enøktiltak, datert 14.06.2011.

Byggerekneskap datert 01.09.2010.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova .

Økonomireglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 31.10.2013.

Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL FORMANNSKAPET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 79548 ENØKPLAN & ENØKTILTAK**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 79548 Enøkplan & Enøktiltak. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 31.10.2013.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 1.710.546,25. Prosjektet er budsjettert med ei råme på kr 2.000.000. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har gitt støtte til prosjektet på kr 251.406. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr 540.859,75. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at mindreforbruket vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon, art 2919999.

Revisjonsuttalane stadfestar taldelen i sluttrekneskapen.

Formannskapet gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker inntil kr 3.000.000,-, jfr. reglement for Flora kommune. Formannskapet gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte mindreforbruket skal disponerast

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

Flora Formannskap  
v/Ordfører  
6900 FlorøBank:  
Kont.nr.:**SEKOM-sekretariat**

9.4.2013

J.nr. 6500

Saksh. Arkiv

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/flora/prosjektrek/2013/prosjekt79548

Arkivkode:

212S02

Journalnr.:

096/2013

Dokumentdato:

31.10.2013

**REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT  
NR 79548 ENØKPLAN & ENØKTILTAK.**

Rekneskapen for ovennemnde prosjekt nr har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Formannskap i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr 79548 enøkplan & enøktiltak*.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 79548 enøkplan & enøktiltak* som viser ein total kostnad på Kr 1 710 546,25. Den vedtekte budsjettramma for prosjektet utgjer kr 2 000 000,-. Det er inntektsføringar i prosjektet på kr 251 406,- som er ei støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Prosjektet er såleis gjort opp med eit mindreforbruk på kr 540 859,75.


Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Formannskap tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-020/13.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Formannskap sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten.

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 79548 enøkplan & enøktiltak* vil bli innstilt så snart Flora Formannskap sitt vedtak i saka er effektivert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 31.10.2013

  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor IVedlegg: Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
PRKO-020/13  
Førebels revisjonsuttale 04.07.2011Kopi: Kontrollutvalet  
Rådmannen  
regnskapssjef Ruth S.Sunde  
Controllert Berit Seljeseth Osa



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen

**Møtedato**  
21.08.2013

**Saksnr**  
020/13

**Sakshandsamar:**  
Hanne A. Morotaie

**Arkiv:** K2-S02, K1-  
614

**Arkivsaknr**  
11/1082

**Objekt:**

## **PROSJEKT 79548 - ENØKPLAN & ENØKTILTAK**

### **Kva saka gjeld:**

Prosjekt 79548 – Enøkplan og enøktiltak omfattar følgjande tiltak:

1. Enok-analyse for 16 bygg.
2. Isolering av rør og ventilar i fyrrom i 4 bygg.
3. Utskifting av vindauge ved Florø Barneskule.
4. Utskifting av varmegjennvinnar ved Florø Barneskule

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

**21.08.2013 PROSJEKTKOMITEEN**

### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-020/13 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr.540 859,75 vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon, art 2919999

Terje Heggheim  
Rådmann

Vidar Vårdal  
Leiar, Florø Bygg og eigedom

**Innleiing:**

Tiltaka vart gjennomført som planlagt, med unntak av tiltak nr 4 som måtte avlysast da det viste seg at ventilasjonsanlegget har ein konstruksjon som gjer det vanskeleg å gjennomføre den planlagde ombygginga.

**Vurdering:**

Det vart gjennomført anbodskonkurransar for tiltak nr.1 og nr.3, der rimelegaste tilbydar vart valt ved begge tilfelle.

Tiltak nr.2 vart gjennomført ved direkte anskaffelse (under kr 100 000,- og einaste kjente produsent av spesialisolasjon for fyrromventilar m.m.)

**Økonomiske konsekvensar:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav ei støtte på til saman kr.251 406,- til dei 3 tiltaka.

Arbeida er gjennomførte innafor avsett ramme og med ei netto innsparing på prosjektet på kr 540 859,75.

Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert, og det ligg til dei politiske organa å gjere vedtak om korleis mindreforbruket skal disponerast.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
3	I	04.07.201 1	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 79548 - Enøkplan & enøktiltak	



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen

**Møtedato**  
21.08.2013

**Saksnr**

**Sakshandsamar:**  
Hanne A. Morotaie

**Arkiv:** K2-S02, K1-614  
**Objekt:** Arkivsaksnr  
11/1082

## PROSJEKT 79548 - ENØKPLAN & ENØKTILTAK

### **Kva saka gjeld:**


Prosjekt 79548 – Enøkplan og enøktiltak omfattar følgjande tiltak:


1. Enok-analyse for 16 bygg.
2. Isolering av rør og ventilar i fyrrom i 4 bygg.
3. Utskifting av vindauge ved Florø Barneskule.
4. Utskifting av varmegjennvinnar ved Florø Barneskule

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

2. Mindreforbruk på kr.540 859,75 vert avsett til unytta lånemidlar til disposisjon,  
art 2919999

  
Terje Heggheim  
Rådmann

  
Vidar Vårdal  
Leiar, Florø Bygg og eigedom

**Innleiing:**

Tiltaka vart gjennomført som planlagt, med unntak av tiltak nr 4 som måtte avlysast da det viste seg at ventilasjonsanlegget har ein konstruksjon som gjer det vanskeleg å gjennomføre den planlagde ombygginga.

**Vurdering:**

Det vart gjennomført anbodskonkurransar for tiltak nr.1 og nr.3, der rimelegaste tilbydar vart valt ved begge tilfelle.

Tiltak nr.2 vart gjennomført ved direkte anskaffelse (under kr 100 000,- og einaste kjente produsent av spesialisasjon for fyrromventilar m.m.)

**Økonomiske konsekvensar:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav ei støtte på til saman kr.251 406,- til dei 3 tiltaka.

Arbeida er gjennomførte innafør avsett ramme og med ei netto innsparing på prosjektet på kr 540 859,75.

Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert, og det ligg til dei politiske organa å gjere vedtak om korleis mindreforbruket skal disponerast.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
3	I	04.07.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 79548 - Enøkplan & enøktiltak	

Flora Kommune  
Prosjektkomiteen  
v/Reidulf Refsnes  
6900 Florø

FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK	
Arkivsaknr: 11/1082-3	
Dato: - 5 JUL 2011	
P 502	S 614
U.off.:	Avskr.:
Sakst.: LONY	Kopi: RERE, TEHE, LIAS

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
Kryss/flora/prosjektrek/2011/prosjekt/79548/os11 212502 152/2011 04.07.2011

### FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR PROSJEKT 79548 ENØKPLAN & ENØKTILTAK.

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt d. 01.09.2010.  
PROSJEKT NR 79541 VASSLEIDNING SAGA-BOTNANESET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 79541 Vassleidning Saga-Botnaneset. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 28.10.2013.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 10.817.673,89. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 10.817.674. Prosjektet er såleis i balanse i høve til budsjettet. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Revisjonsuttalane stadfestar taldelen i sluttrekneskapen.

Bystyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker over kr 3.000.000,-, jfr. reglement for Flora kommune.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

Flora Bystyret  
v/Ordfører  
6900 Florø**SEKOM-sekretariat**

04.10.2013

J.nr. 2497

Saksh. Arkiv

Dykkar ref.:

Vår ref.: Krvss/flora/prosjektrek/2013/prosjekt79541  
Jr.off. ettel Arkivkode: 212M21&14Journalnr.: 095/2013  
Dokumentdato: 28.10.2013**REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 79541 – VASSLEIDNING SAGA - BOTNANESET**

Rekneskapen for ovennævnte prosjekt nr har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Formannskap i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr 79541 – vassleidning Saga – Botnaneset*.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 79541 – vassleidning Saga – Botnaneset*, som viser ein totalkostnad på Kr 10 817 673,89. Den vedtekne budsjetttramma for prosjektet utgjer kr 10 817 673,89,-. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse.

Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Bystyret tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-016/13.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyret sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 79541 – vassleidning Saga – Botnaneset*, vil bli innstilt så snart Flora Bystyret sitt vedtak i saka er effektivert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 28.10.2013  
  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

Vedlegg: Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
PRKO-016/13  
Førebels revisjonsuttale 18.06.2013Kopi: Kontrollutvalet  
Rådmannen  
regnskapsjef Ruth S.Sunde  
Controller Berit Seljeseth Osa



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen

**Møtedato**  
21.08.2013

**Saknr**

**Sakshandsamar:**  
Hanne A. Morotaie

**Arkiv:** K2-M21  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
10/863

## FLORØ VASSVERK. SJØLEIDNINGAR SAGA - BOTNANESET

### **Kva saka gjeld:**

Ny sjøleidning for vassforsyning frå Saga til vassbehandlings-anlegg på Botnaneset.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

---

**Innleiing:**

I sak 009/09 i Prosjektkomiteen den 11.03.2009 vart Nordconsult AS tildelt arbeidet med detaljplanlegging av ny sjøleidning frå Saga til Botnaneset. Ny sjøleidning erstattar leidning med dimensjon Ø280 mm som vart lagt i 1977.

Forutan arbeid med legging av ny Ø400 mm sjøleidning med lengde ca. 3600 m omfatta arbeidet etablering av kummar i landtak på Saga, Terøya og Botnaneset.

I tilbodsgrunnlaget vart det og teke med omlegging av eksisterande Ø315 mm leidning lagt i 1986, ved Botnaneset. Denne leidninga måtte tilknytast ny landtakskum.

Tilbodskonkurransen var utlyst gjennom Doffin 2 gonger.

Ved første utlysning som omfatta prekvalifisering for utføring meldte det seg to entreprenørar.

På grunn av svak deltaking valte ein å legge ut heile konkurransegrunnlaget på Doffin med spesifikke krav til interesserte entreprenørar. Konkurransen vart utlyst som "tilbodskonkurranse med forhandling".

Ved andre gangs utlysning meldte det seg 5 entreprenørar som fekk tilsendt konkurransegrunnlaget, med opplysning om tid og stad for tilbodsbefering.

Desse var:

- Florø Rør, Florø (Røyrleggjarfirma).
- Scandykk, Vestfold (Undervassentreprenør).
- IMC-diving, Bergen (Undervassentreprenør).
- Seløy Undervannservice, Nordland (Undervassentreprenør).
- ØPD Solutions, Vestfold, (Undervassentreprenør).

Ved tilbodsbefering den 18.03.2010 deltok ein entreprenør, IMC-Diving AS frå Bergen.

Referat frå befering vart sendt alle dei påmeldte entreprenørane.

Innan tilbodsfrist den 13.04.2010 leverte IMC-Diving AS frå Bergen tilbod.

Avklaringsmøte med IMC-Diving AS vart haldt 23.04.2010.

**Vurdering:**

Tilbodet frå IMC-Diving AS var på kr. 9.424.610 eks. mva. etter kontrollrekning. Ved kontrollrekning fant ein nokre mindre reknefeil som til saman ga eit tillegg på kr. 3.080,-.

Tilbodet omfatta alle postar i spesifikasjonen. Entreprenøren hadde ikkje teke forbehold.

IMC Diving AS tilfredsstilte krava/kriteria som var lista opp i konkurransegrunnlaget og hadde vedlagt nødvendig dokumentasjon.

IMC-Diving AS vart i prosjektkomiteen sak 007/10 den 04.05.2010 tildelt arbeidet med ny sjøleidning frå Saga til Botnaneset.

**Økonomiske konsekvensar:**

I investeringsbudsjettet for år 2008 vart det avsett kr 8 750 000,- til ny sjøleidning Saga-Botnaneset.

Prosjektet måtte oppfinansierast med kr.1 650 000,-.

I prosjektkomiteen sak 007/10 den 04.05.2010 vart prosjekt 79545 "Hovudplan vassforsyning" redusert med kr.1 650 000,- og prosjekt 79541 "Ny sjøleidning Saga-Botnaneset" styrka med kr.1 650 000,-.

I B-sak 108/12 den 12.06.2012 vart prosjektet ytterligare oppfinansiert med kr.417 674,- ved bruk av unyttå lånemidlar.

Prosjektet hadde såleis eit budsjett på kr.10 817 674,-.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
6	I	26.03.2013	ØKONOMISTAB	Byggerekneskap for vassleidning Saga - Botnaneset	
7	U	11.06.2013	Kryssrevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport Prosjekt 79541 - Vassleidning Saga - Botnaneset	
8	I	18.06.2013	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 79541 - vassleidningar Saga - Botnaneset	



**Saksgang**  
Prosjektkomiteen

**Møtedato**  
21.08.2013

**Saksnr**  
016/13

**Sakshandsamar:**  
Hanne A. Morotaie

**Arkiv:** K2-M21  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
10/863

## **FLORØ VASSVERK. SJØLEIDNINGAR SAGA - BOTNANESET**

### **Kva saka gjeld:**

Ny sjøleidning for vassforsyning frå Saga til vassbehandlings-anlegg på Botnaneset.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

**21.08.2013 PROSJEKTKOMITEEN**

### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-016/13 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim  
Rådmann

Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

**Økonomiske konsekvensar:**

I investeringsbudsjettet for år 2008 vart det avsett kr 8 750 000,- til ny sjøleidning Saga-Botnaneset.

Prosjektet måtte oppfinansierast med kr.1 650 000,-.

I prosjektkomiteen sak 007/10 den 04.05.2010 vart prosjekt 79545 "Hovudplan vassforsyning" redusert med kr.1 650 000,- og prosjekt 79541 "Ny sjøleidning Saga-Botnaneset" styrka med kr.1 650 000,- ,

I B-sak 108/12 den 12.06.2012 vart prosjektet ytterligare oppfinansierte med kr.417 674,- ved bruk av unyttede lånemidler.

Prosjektet hadde såleis eit budsjett på kr.10 817 674,-.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
6	I	26.03.2013	ØKONOMISTAB	Byggerekneskap for vassleidning Saga - Botnaneset	
7	U	11.06.2013	Kryssrevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport Prosjekt 79541 - Vassleidning Saga - Botnaneset	
8	I	18.06.2013	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 79541 - vassleidningar Saga - Botnaneset	

# KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/  
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

[terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)

[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)


3705.08.27845

Bank:

987 608 064 MVA

Org. nr.:

Flora Kommune  
Prosjektkomiteen  
v/Reidulf Refsnes  
6900 Florø

 FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK	
Arkivsaknr.: 10/863-8	
Dato: 20 JUNI 2013	
P	S
Utf.:	Avskr.
Saksh.:	Kopi:

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/trine/flora/prosjekt/førebels79541

Arkivkode:

212M21&14

Journalnr.:

062/2013

Dokumentdato:

18.6.2013

## FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR PROSJEKT 79541 – VASSLEIDNING SAGA - BOTNANESET.

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2009-2011 d.26.03.2013  
Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d. 11.06.2013

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 79541* som viser ein total kostnad på Kr 10 817 673,89 godkjent budsjett for prosjekt nr 79541 er på kr 10 817 673,89 Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i forhold til budsjett. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapsaka. Vi viser ellers til dokument som følger saka.

6900 Florø den 18.06.2013

Med helsing

  
KRYSS REVISJON  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl

Kommunerevisor I

Vedlegg:

Utskrift av rekneskap

Sluttrapport

Politiske vedtak i sak: prosjekt

Kopi:

Rådmannen

Økonomisjef

Prosjektleder

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)





KOMMUNEREVISJONEN

Kryssrevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord **Ytre Sogn og Sunnfjord**  
Strandgata 43

KRYSS-REVISJON

6900 FLORØ

Dato: 14.06.2013 Off:  
Sak nr. 059-2013 Reg.nr.:  
Arkiv: 2/2 M2/21  
Avd.kode: 1401  
Saksbehandlar: T.F.

Vår ref.  
10/863-7/K2-M21//HAFL

Dykkar ref.


Dato:  
Florø: 11.06.2013


**SLUTTRAPPORT PROSJEKT 79541 - VASSLEIDNING SAGA -  
BOTNANESET**

Vedlagt følger slutt rapport og sluttregneskap på nemnte prosjekt.


Slutt rapport og sluttregneskap skal med Dykkar uttale vidare til politisk handsaming.

Med helsing

  
Reidulf Refsnes  
Tenesteleiar

  
Hanne A. Morotaie  
Sekretær

**Vedlegg: Sluttrapport og sluttregneskap.**

 <b>FLORA KOMMUNE</b>	Mat					
	<b>Sluttrapport</b>					
	Dok.	nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknader
	M -	003	-01	01.01.05	(sign.)	Til godkjenning

<b>Prosjekt namn: Vassleidning Saga - Botnaneset</b>	<b>Nr:79541</b>
--	-----------------

### Politiske vedtak

<b>Plan og Miljøutval/Plankomité:</b>
<b>Prosjektkomité: sak 007/10 den 04.05.2012</b>
<b>Formannskap:</b>
<b>Bystyre: sak 108/12 den 12.06.2012</b>

### Historikk / Ettervurderingar:

(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

#### Saka gjeld:

Flora kommune har lagt ny sjøleidning for vassforsyning frå Saga til vassbehandlings-anlegg på Botnaneset.

#### Innleiing:

I sak 009/09 i Prosjektkomiteen den 11.03.2009 vart Nordconsult AS tildelt arbeidet med detaljplanlegging av ny sjøleidning frå Saga til Botnaneset. Ny sjøleidning erstattar leidning med dimensjon Ø280 mm som vart lagt i 1977.

Forutan arbeid med legging av ny Ø400 mm sjøleidning med lengde ca. 3600 m omfatta arbeidet etablering av kummar i landtak på Saga, Terøya og Botnaneset.

I tilbudsgrunnlaget vart det og teke med omlegging av eksisterande Ø315 mm leidning lagt i 1986, ved Botnaneset. Denne leidninga måtte tilknytast ny landtakskum.

Tilbudskonkurransen var utlyst gjennom Doffin 2 gonger.

Ved første utlysning som omfatta prekvalifisering for utføring meldte det seg to entreprenørar.

På grunn av svak deltaking valte ein å legge ut heile konkurransegrunnlaget på Doffin med spesifikke krav til interesserte entreprenørar. Konkurransen vart utlyst som "tilbudskonkurranse med forhandling".

Ved andre gangs utlysning meldte det seg 5 entreprenørar som fekk tilsendt konkurranse-grunnlaget, med opplysning om tid og stad for tilbudsbefering.

Desse var:

- Florø Rør, Florø (Røyrleggjarfirma).
- Scandykk, Vestfold (Undervassentreprenør).
- IMC-diving, Bergen (Undervassentreprenør).
- Seløy Undervannservice, Nordland (Undervassentreprenør).
- ØPD Solutions, Vestfold, (Undervassentreprenør).

Ved tilbudsbefering den 18.03.2010 deltok ein entreprenør, IMC-Diving AS frå Bergen.

Referat frå befering vart sendt alle dei påmeldte entreprenørane.

Innan tilbudsfrist den 13.04.2010 leverte IMC-Diving AS frå Bergen tilbod.

Avklaringsmøte med IMC-Diving AS vart haldt 23.04.2010.

**Vurdering:**

Tilbudet frå IMC-Diving AS var på kr. 9.424.610 eks. mva. etter kontrollrekning. Ved kontrollrekning fant ein nokre mindre reknefeil som til saman ga eit tillegg på kr. 3.080,-.

Tilbudet omfatta alle postar i spesifikasjonen. Entreprenøren hadde ikkje teke forbehold.

IMC Diving AS tilfredstilte krava/kriteria som var lista opp i konkurransegrunnlaget og hadde vedlagt nødvendig dokumentasjon.

IMC-Diving AS vart i prosjektkomiteen sak 007/10 den 04.05.2010 tildelt arbeidet med ny sjøleidning frå Saga til Botnaneset.

**Økonomi:**

I investeringsbudsjettet for år 2008 vart det avsett kr 8 750 000,- til ny sjøleidning Saga- Botnaneset.

Prosjektet måtte oppfinansierast med kr.1 650 000,-.



I prosjektkomiteen sak 007/10 den 04.05.2010 vart prosjekt 79545 "Hovudplan vassforsyning" redusert med kr.1 650 000,- og prosjekt 79541 "Ny sjøleidning Saga-Botnaneset" styrka med kr.1 650 000,-

I B-sak 108/12 den 12.06.2012 vart prosjektet ytterligare oppfinansierte med kr.417 674,- ved bruk av unyttige lånemidlar.

Prosjektet hadde såleis eit budsjett på kr.10 817 674,-.

**Økonomi:**

Vedtatt ramme:	Kr.10 817 674,-	Bystyre sak
Kalkyle etter anbudsrunde:		
Eventuelt justert ramme:		Bystyre sak:
Endelige tot. Kostnader:	Kr.10 817 674,-	
Avvik (- +)	Kr.0,-	
Eventuell Oppfinansiering:		Bystyre sak:

Dato: 10.06.2013	Dato: 11.06.2013
Sign:  Avdelingsleder	Sign:  Prosjektleder

Vedlegg: Rapport – Etervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004)

10/863-6

RUKR

Byggerekneskap for: 79541

Prosjekt nr. Vassleidning Saga - Botnaneset

Ar: 2008-2012

## Spesifikasjon utgifter / inntekter:

Kostnadsart:	Ar 2009	Ar 2010	Ar 2011	Til saman:	Budsjett
<b>Utgifter:</b>					
190 Avgifter, gebyr og lisensar		10 311,70		10 311,70	
140 Annonse, reklame og informasjon				0,00	
230 Byggetenester		8 874 906,00	1 063 441,00	9 938 347,00	10 817 674
270 Konsulenttenester	394 531,54	283 795,36	5 465,00	683 791,90	
290 Interne overføringar		60 000,00		60 000,00	
429 MVA-vederlag anskaffelser				0,00	
500 Renter	5 229,00	88 582,39	31 411,90	125 223,29	
Sum utgifter	399 760,54	9 317 595,45	1 100 317,90	10 817 673,89	10 817 673,89
<b>Inntekter:</b>					
700 Refusjon frå andre				0,00	
830 Overføring frå fylke				0,00	
Sum inntekter	-	-	-	-	-
Netto utgift	399 760,54	9 317 595,45	1 100 317,90	10 817 673,89	10 817 674
Netto innsparing/meirforbruk i høve til budsjett					0,00

## Finansiering

Ar	Rekneskap Netto utgift	Finansiering		
		Bundne fond	Likv.reserve	Lån
2009	399 760,54			399 760,54
2010	9 317 595,45			9 317 595,45
2011	1 100 317,90			1 100 317,90
<b>Sum</b>	<b>10 817 673,89</b>	-	-	<b>10 817 673,89</b>
Netto innsparing/meirforbruk				0,00

Løyvingar		
Investeringsbudsjett 2008	Lån	8 750 000
Prko 007/10	Lån	1 650 000
B-sak 108/12	Lån	417 674
<b>Sum</b>		<b>10 817 674</b>

FLORA KOMMUNE  
Økonomiavdelinga, 26.03.2013

*Ruth Svortevik Sunde*  
Ruth Svortevik Sunde  
rekneskapsjef

18/6-13  
*Ørjan Vatne*  
**KRYSS**  
REKNESKAPSSJEF  
YTRRE SOGN OG SKIENDE



1 FLORA KOMMUNE (2013) - År/Periode 2013 1 - 98

26.03.2013

	Regnskap 2013	Regnskap 2013	Regnskap 2013	Regnskap 2013	Regnskap 2013	Regnskap 2013	Budsjet 2013
Prosjekt: 79541 Ny sjeledning Saga- Botnaneset							
32301 BYGGETENESTER	0,00	0,00	0,00	0,00	1.063.441,00	0	0
32310 TALENTPREISE	0,00	0,00	417.673,89	0,00	0,00	0	0
32701 KONSULENTTENESTER	0,00	0,00	0,00	0,00	5.465,00	0	0
35002 BYGGELÅNSRENTER	0,00	0,00	0,00	0,00	31.411,90	0	0
Sum utgifter	0,00	0,00	417.673,89	0,00	1.100.317,90	0	0
39101 BRUK AV LÅN	0,00	0,00	-417.673,89	0,00	-1.100.317,90	0	0
Sum inntekter	0,00	0,00	-417.673,89	0,00	-1.100.317,90	0	0

Sum prosjekt: 79541 Ny sjeledning Saga- Botnaneset

TOTALT

0,00 0,00 0,00 0,00 0,00 0,00 0 0



1 FLORA KOMMUNE (2013) - År/Periode 2013 1 - 98

26.03.2013

	Regnskap 2008	Budsjett 2008	Regnskap 2008	Budsjett 2008	Regnskap 2008	Budsjett 2008
Prosjekt: 79541 Ny sjøledning Saga- Botnaneset						
31701 TRANSPORT OG DRIFT EGT. MIDLAR	1.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
31951 AVGIFTER GEBYRER OG LISENSER	8.811,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0
32301 BYGGETENESTER	8.874.906,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
32310 TALENTREPRISE	0,00	1.650.000,00	0,00	0,00	0,00	8.750.000
32701 KONSULENTTENESTER	283.795,36	0,00	394.531,54	0,00	0,00	0
32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP	60.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
35002 BYGGELÅNSRENTER	88.582,39	0,00	5.229,00	0,00	0,00	0
Sum utgifter	9.317.595,45	1.650.000,00	399.760,54	0,00	0,00	8.750.000
39101 BRUK AV LÅN						
Sum inntekter	-9.317.595,45	-1.650.000,00	-399.760,54	0,00	0,00	-8.750.000
Sum prosjekt: 79541 Ny sjøledning Saga- Botnaneset	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
TOTALT	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0

## 081/13 TEMAMØTE I BYSTYRET OM KONTROLLUTVALETS ROLLE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.11.2013	081/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til ordførar -- «Temamøte i bystyret om kontrollutvalets rolle», den 26.09.2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 033/13 Rolla til kontrollutvalet.
- Sak 073/13 Eventuelt

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## TEMAMØTE I BYSTYRET OM KONTROLLUTVALETS ROLLE

### Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet ynskjer å gi bystyret i Flora ei orientering om kontrollutvalets rolle.

### Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 13.05.2013 i sak 033/13 «Rolla til kontrollutvalet» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om å få orientere om rolla til kontrollutvalet i bystyremøtet 17. september 2013.*
- *Jan Fritjof Bernt vert førespurt om han kan stille som føredragshaldar.*
- *Sekretariatet tek kontakt med ordførar og føredragshaldar for å gjere avtalar.*
- *Kontrollutvalet ber om at bystyremøtet vert starta tidlegare enn i utgangspunktet planlagt.*

Sekretariatet førespurde Jan Fritjof Bernt pr. telefon for å avklare om han kunne være foredragshaldar om «kontrollutvalets rolle» i bystyret i Flora. Svaret som sekretariatet fekk var at han var oppteken ut året, samt at intrykket var at dette ville vere eit kostbart føredrag.

I kontrollutvalsmøte den 24.09.2013 i sak 073 «Eventuelt» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn ordførar til neste møte i kontrollutvalet for å drøfte eit eventuelt temamøte i Bystyret om kontrollutvalets rolle.*

I brev frå sekretariatet til ordførar «Temamøte i bystyret om kontrollutvalets rolle» den 26.09.2013, blir ordførar informert om at han blir kalla inn til møte i kontrollutvalet for å drøfte eit eventuelt temamøte i Bystyret der kontrollutvalets rolle vil vere tema. Ordførar blir også informert om at møtet etter planen vil finne stad den 14.11.2013.

Sekretariatet har tinga Knut Henning Grepstad for å halde eit liknande føredrag i ein annan kommune. Han blei samtidig spurd om det var aktuelt for han å orientere om rolla til kontrollutvalet i eit bystyremøtet i Flora. Han var positiv til å halde ei slik orientering.

### Sekretariat si vurdering



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Flora Kommune  
v/ordfører  
Postboks 13  
6901 FLORØ

Førde, 26.09.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 436/13

Arkiv: Flora

## TEMAMØTE I BYSTYRET OM KONTROLLUTVALETS ROLLE

Kontrollutvalet gjorde i møte den 24.09.2013 bl.a. følgjande vedtak i sak 073/13 «Eventuelt»:

### *Innkalling av ordfører:*

*Kontrollutvalet vil kalle inn ordfører til neste møte i kontrollutvalet for å drøfte eit eventuelt temamøte i Bystyret om kontrollutvalets rolle.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet vil difor ordfører bli kalla inn for å drøfte eit eventuelt temamøte i Bystyret der kontrollutvalets rolle vil vere tema.

Neste møte i kontrollutvalet i Flora skal etter planen finne stad den 14.11.2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 41	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 082/13 HANDTERING AV ELEKTRONISK UTSENDING AV DOKUMENT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.11.2013	082/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå Flora kommune til Sekom – «Kontrollutvalet – nettbrett», den 25.09.2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kontrollutvalssak 013/13 «Nettbrett- kontrollutvalet»

E-post frå SEKOM til Flora kommune, den 04.03.13

E-post frå SEKOM til Flora kommune, den 23.05.13

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering frå administrasjonen vedrørende handtering av elektronisk utsending av dokument til kontrollutvalet vert teken til vitande.

### Kontrollutvalet sitt vedtak

## **HANDTERING AV ELEKTRONISK UTSENDING AV DOKUMENT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering frå administrasjonen om overgangen til elektronisk utsending av dokumenter til kontrollutvalet.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte den 01.03.13 i sak 013/13 «Nettbrett- kontrollutvalet» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval.*
- *Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.*

I brev frå Flora kommune til Sekom «Kontrollutvalet – nettbrett» den 25.09.2013, får kontrollutvalet følgjande informasjon om framdrifta i utrulling i bruk av nettbrett i Flora kommune.

- *Kontrollutvalet sine medlemmer som ikkje er medlemmer av bystyret eller hovudutval vil få nettbrett på lik linje med andre.*
- *Dei vil og bli kalla inn til opplæring på lik line med dei andre politikarane.*
- *SEKOM tek ansvar for utsending av sakene frå kontrollutvalet digitalt til medlamane og alle andre relevante mottakarar.*
- *Kontrollutvalet vil også få sendt alle saker til bystyret og dei andre utvala digitalt i takt med utrullingsplanen.*

Sekretariatet er kjend med frå utviklingssjef Anders Moen, om at nettbretta ligg klar til henting i administrasjonen og at det vert helde opplæring for politikarar i Flora kommune i bruk av nettbrett den 05.11.2013.

Administrasjonen vert kalla til kontrollutvalsmøtet for å orientere om overgangen til elektronisk utsending av dokument til kontrollutvalet, samt nye rutinar knytt til elektronisk utsending.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekom  
Postboks 338

6802 FØRDE

Vår ref.  
13/1750-1/K1-//ANMO

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 25.09.2013

## KONTROLLUTVALET - NETTBRETT

Viser til brev av 04.03.2013 der Kontrollutvalet i Flora kommune ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval i Flora kommune. Kontrollutvalet ber også om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Til no er nettbrett rulla ut til Formannskapet i Flora kommune. Alle formannskapsmedlemer får alle saker tilsendt på nettbrett, men hovudutvala og bystyret vert førebels sendt ut på papir.


I løpet av hausten vil også alle bystyremedlemer og hovudutvalsmedlemer få tildelt nettbrett med utsending av alle saker digitalt. Tidsplanen for dette vil bli avklara i byrjinga av oktober.

Slik vi forstår det har SEKOM også tilrettelagt for å sende ut sakene til Kontrollutvalet på nettbrett.

Vi gjer følgjande:

- Kontrollutvalet sine medlemer som ikkje er medlemer av bystyret eller hovudutval vil få nettbrett på lik line med dei andre.
- Dei vil og bli kalla inn til opplæring på lik line med dei andre politikarene.
- SEKOM tek ansvar for utsending av sakene frå kontrollutvalet digitalt til medlemene og alle andre relevante mottakarar.
- Kontrollutvalet vil også få sendt alle saker til bystyret og dei andre utvala digitalt i takt med utrullingsplanen.

Med helsing



Anders J. Moen  
Utviklingssjef

**083/13: PROSJEKTPLAN, FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –  
SAKSHANDSAMING, VEDTAK OG SVARGJEVING I FLORA KOMMUNE**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 05.11.2013

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	14.11.2013	083/13	-	Ja

**Saksvedlegg**

Prosjektplan frå KRYSS-revisjon datert 5.11.2013.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalssakene 17/13, 60/13, og 66/13.

Sak 98/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013-2016, handsama i bystyret 18.6.2013.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet tek prosjektplanen til vitande.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **PROSJEKTPLAN, FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SAKSHANDSAMING, VEDTAK OG SVARGJEVING I FLORA KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i Flora kommune.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte 19.03.2013 i sak 017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013–2016, gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I bystyremøte 18.6.2013 i sak 98/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016, godkjente Flora bystyret planen.

I planen er prosjektet, Sakshandsaming, vedtak og svargjeving, sett opp som b.

I kontrollutvalsmøte 24.9.2013 sak 66/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sakshandsaming, vedtak og svargjeving, vart tingingsdokument for prosjektet vedteke. Tinginga vart oversendt KRYSS-revisjon 26.9.2013.

KRYSS-revisjon har levert prosjektplan 5.11.2013, og der går det fram at oppstartmøte vert halde mai/juni 2014, og at endeleg rapport vert oversendt i november 2014. Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Det vert vist til saksutgreiinga.

Førde kontrollutval  
Ved dagleg leiar Vidar Øvrebø  
SEKOM sekretariat  
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
cl

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
100/2013

Dokumentdato:  
05.11.2013

# ***PROSJEKTPLAN – «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» Flora kommune***

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:	
Tittel på prosjektet:	<i>Sakshandsaming, vedtak og svargjeving Flora kommune</i>
Tingar:	Kontrollutvalet i Flora kommune via SEKOM sekretariat
Revisjonseining:	KRYSS Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim
Dato for prosjektplanen:	05.11.2013
Versjon av prosjektplan	I

TINGINGA – KONKRET:	
Problemstillingane:	<ul style="list-style-type: none"><li>- Etterlever Flora kommune regelverk for:</li><li>- Sakshandsaming</li><li>- Innhald i vedtak, er vedtaka lett å forstå</li><li>- Overheld kommune svarfristar etter gjeldande lover og reglar.</li></ul>
Avgrensingar og tidsrommet revisjonen femnar om:	Kontrollen skal avgrensast til open omsorg i 2013
Revisjonskjelder/-kriterium:	Kommunelova <ul style="list-style-type: none"><li>- Kapittel 6</li><li>- kl § 23 nr 2</li></ul>

	Forvaltningslova (Moglege paragrafar i særlovgivinga om slike er relevant for tinginga)	- Særleg kapittel III, IV og V
	Lokale reglement Arkivplan Flora kommune OA 2012 - 2016	- Vert å utlede nærare når prosjektet er vel i gang,
Metodebruk	I hovudsak dokumentanalyse. Nærare samtalar /intervju ved trong.	
Tidsbruk i prosjektet	Innafor dei tildelte ressurstimane i avtala med kommunen	

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

<b>TIDSRUKEN I PROSJEKTET:</b>	
<b>Arbeidsoppgåver:</b>	<b>Timebruk:</b>
Oppstartsmøte inkl føregåande sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	22,5
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	22,5
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	22,5
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	22,5
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	22,5
rapportskriving	150
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	15

### Milepælar i prosjektet


1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingsingsdokumentet. Mai/juni 2014
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. August 2014
3. Skrivefasen i september 2014
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. Oktober 2014
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. Oktober 2014
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet i november 2014
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

### Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet innan tidsfristen sett i tinginga.

Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh

  
Charles Litsheim  
Rev.sjef forvaltning





Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	13.06.2013	066/13
Bystyret	18.06.2013	098/13

Sakshandsamar:  
Terje Heggheim

Arkiv: K1-216  
Objekt:

Arkivsaknr  
13/708

## PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2013 - 2016

### Kva saka gjeld:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon som skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestoområda.

Denne planen vert lagt fram for seint i forhold til fristen som var 31.12. 2012.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Plan for forvaltningsrevisjon for Flora kommune 2013-2016 vert godkjend.
2. Følgjande prioritering av prosjekt vert lagt til grunn:
  - a) Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Flora kommune er delaktig i.
  - b) Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.
  - c) Vurdering av IKT-samarbeid.
  - d) Vurder bemanning og ressursbruken på ulike tenestoområde.
3. Flora bystyre gir kontrollutvalet fullmakt til å legge til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

13.06.2013 BYSTYRET

### BYST-066/13 VEDTAK:

Utsett til nytt møte i neste veke.

**Vurdering:**

Rådmannen tok del i møter med revisjonen og kontrollutvalet i forkant av utvalet sitt vedtak og tilråding til bystyret. Rådmannen har difor ikkje anna tilnærming til dette enn det som kjem fram av vedlagte dokumentasjon.

*Overordna analyse, Grunnlagsmateriale for Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt* er ein oversiktleg og nyttig gjennomgang av den kommunale organisasjonen. Tematisk tar den for seg blant anna politisk og administrativ organisering, risiko, rammeverk for kommunal styring, produktivitet, oppfølging av vedtak, økonomistyring og måloppnåing.

Analysen peiker på dei fire prioriterte områda ovanfor som tematiske fokusområde i forvaltningsrevisjonen. Rådmannen ser positivt på at kontrollutvalet ønskjer å prioritere desse områda og vil bidra til at kontrollutvalet får eit så godt grunnlag som mogeleg for sitt arbeid.

**Prenta vedlegg:**

Overordna analyse – grunnlagsmateriale for plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Sak 017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2013 Flora kommune.

436/13

## Øvrebø Vidar

---

**Fra:** Øvrebø Vidar  
**Sendt:** 26. september 2013 14:07  
**Til:** 'charles.litsheim@kryssrevisjon.no'  
**Emne:** Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» i Flora kommune  
**Vedlegg:** Tinging prosjekt - Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i Flora..doc.pdf

Vedlagt er tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» i Flora kommune.

Med helsing

---

**Vidar Øvrebø**  
Dagleg leiar

### ***SEKOM-sekretariat***

Mobil: +47 95139762  
[vidar.ovrebo@sekom.no](mailto:vidar.ovrebo@sekom.no)

SEKOM Sekretariat  
Hafstadvegen 21  
P.O. Box 338  
6802 Førde  
Tlf 57 61 27 86

## 084/13 OPPFØLGINGSLISTE 9-2013 FLORA

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.11.2013	084/13	-	Ja

### **Saksvedlegg.**

Oppfølgingsliste 9-2013 Flora.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Oppfølgingsliste 9-2013 Flora vert teken til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 9-2013 FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 6.11 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker på forrige møte vert ståande til etter neste møte.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for oppføring på lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 9-2013 – Flora.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar om Flora.
060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi.	31.08		31.08.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09 .12Brev frå Sekom til Flora kommune. 12.10.12 Purring på svar på brev av 05.09.12 01.11.12 Svar frå kommunen om at arbeidet startar etter budsjettarb.  <b>Ventar på at dette blir oversendt til Bystyret.</b>
73/12 Oppfølging av bystyret sine merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.	25.10.12		25.10.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek info om at arb med eigarskapsmelding vil bli sett i gong straks etter at budsjettarbeidet er ferdig. 01.11.12 E-post frå Flora kommune som stadfestar info ovanfor.
78/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til kst. <b>30.11.12 s/bst.</b>
013/13 Nettbrett - kontrollutvalet	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval. - Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett. 04.03.13 s e-post til Flora kommune. 23.05.13 s. epost til Flora kommune. 25.09.13 brev frå Flora kommune.
017/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	19.03.13		19.03.13 Tilråding til bst. 25.03.13 s. Flora kommune. 18.06.13 Flora bystyre sak 98/13 plan godkjendt.
030/13 Skriv og meldingar	13.05.13		13.05.13Vedtak KU – Ad SM 31-13: - Kontrollutvalet ber om å få tilbakemelding når arbeidet med utrekningane av tilskot til dei private barnehagane er ferdige. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
033/13 Rolla til kontrollutvalet.	13.05.13		14.05.13 Vedtak KU  - Kontrollutvalet ber om å få orientere om rolla til kontrollutvalet i bystyremøtet 17. september 2013.

			<ul style="list-style-type: none"> <li>- Jan Fritjof Bernt vert førespurt om han kan stille som føredragshaldar.</li> <li>- Sekretariatet tek kontakt med ordførar og føredragshaldar for å gjere avtalar.</li> <li>- Kontrollutvalet ber om at bystyremøtet vert starta tidlegare enn i utgangspunktet planlagt.</li> </ul> <p>04.07.13 E-post til DL -- ikkje effektivert</p>
051/13 Drøfting av rutinar i kontrollutvalet	19.06.13		<p>19.06.13 Vedtak KU</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Saka vart drøfta.</li> </ul> <p>20.06.13 Epost frå J Nødseth 20.06.13 Epostar til J Nødseth 24.06.13 Epost til Flora kommune vedr bst m</p>
053/13 Skriv og meldingar	30.08.13		<p>30.08.13 vedtak i KU: Ad SM 45-13:- Kontrollutvalet diskuterte det vedlagte brevet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontrollutvalet avventar vedtak i klageutvalet.</li> <li>- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om saka i neste kontrollutvalsmøte.</li> <li>- Resten av skriv og meldingar vert tekne til vitande.</li> </ul> <p>04.09.13 Sendt brev til Flora kommune – «Orientering om brev frå leiar i klagenemda»..</p>
064/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Innkalling og sakliste vart godkjent.
065/13 skriv og meldingar	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vart teken til vitande.
066/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt -- sakshandsaming, vedtak og svargjeving - Tinging	24.09.13		<p>24.09.13 Vedtak i KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tinginga for prosjektet "Sakshandsaming, vedtak og svargjeving" vert godkjent.</li> <li>- Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering.</li> <li>- KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.</li> </ul> <p>26.09.13 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.</p>
067/13 Orientering om status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar.	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Orientering vert teken til vitande.
068/13 Orientering om konkurranseutsetting av renovasjonstenestene	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Orienteringa frå rådmannen vert teken til vitande.
069/13 Orientering om brev frå Jakob Nødseth, leiar i klagenemda.	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Orienteringa frå rådmannen vert teken til vitande.
070/13 Orientering og omvisning i Furuhaugane omsorgssenter	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek informasjonen om Furuhaugane omsorgssenter til vitande
071/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet.	24.09.13		24.09.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for «Drift av kontrollutval» kr 125.000,-
072/13 Oppfølgingsliste 8-2013-Flora	24.09.13		<p>24.09.13 Vedtak i KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontrollutvalet etterspør administrasjonen om når kontrollutvalet blir tildelt nettbrett og blir gitt opplæring i desse.</li> </ul>

			<p>- Resten av oppfølgingslista vart teken til vitande.</p> <p>26.09.13 Oppringt av Flora kommune v/Anders Moen, opplæring på Ipad blir gjeve i november</p>
073/13 Eventuelt.	24.09.13		<p>24.09.13 Vedtak i KU:  <b>Val av stad for møte 1. Møte i 2014.</b>  Møte i kontrollutvalet i 2014 vert helde på Eikefjorden skule.</p> <p><b>Innkalling av ordførar:</b>  Kontrollutvalet vil kalle inn ordførar til neste møte i kontrollutvalet for å drøfte eit eventuelt temamøte i Bystyret om kontrollutvalets rolle.</p> <p><b>Endring av møtedato i kontrollutvalet:</b>  - Dei planlagde møta i kontrollutvalet den 24. Oktober og 29. November går ut.  - Det blir satt opp nytt møte i staden den 14. november.</p> <p><b>Faste rapporteringar frå rådmann til kontrollutvalet:</b>  Rådmannen orienterte:  - Er i utgangspunktet skeptisk til fast rapportering.  - Bystyret er oppdragsgjevar.  - Kan gjere rolleforståinga uklar mellom Bystyret og kontrollutvalet.  - Ynskjer å vere til disposisjon når KU kallar inn i og svare på konkrete spørsmål.</p> <p>Kontrollutvalet tek rådmannen sin orientering til vitande.</p> <p>- Administrasjonen vil sende økonomirapportar som går til Formannskapet også til kontrollutvalet.</p>

Oppdatert 6.11.2013



## 085/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.11.2013	085/13	-	Ja

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

**086/13 PROSJEKTRKNESEKAP – SLUTTREKNESEKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 75810 EIKEFJØRD SKULE, FORSIKRINGSSKADE**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 12.11.2013.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet Formannskap	14.11.2013 -	086/13 -	- -	Nei Ja

**Saksvedlegg:**

Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 01.11.2013.

Sak 027/13 i prosjektkomiteen 04.09.2013

Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 19.08.2013.

Sluttrapport datert 15.08.2013

Byggerekneskap datert 20.03.2013.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova .

Møte- og delegeringsreglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 01.11.2013.

Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL FORMANNSKAPET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT  
PROSJEKT NR 75810 EIKEFJORD SKULE, FORSIKRINGSSKADE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 75810 Eikefjord skule, forsikringsskade. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen, sluttrapport og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 01.11.2013.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 1.206.643,95. Det er inntektsført forsikringsoppgjer på kr 855.000, og det er overført kr 135.000 frå drifta, slik at samla utgifter er kr 216.639,95. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 216.640, som er lånefinansiert. Prosjektet er såleis i balanse.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Revisjonsuttalane stadfestar taldelen i sluttrekneskapen.

Formannskapet gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker inntil kr 3.000.000,-, jfr. Møte- og delegeringsreglement for Flora kommune.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

# KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I  
FYRE SOGN OG SUNNFJORD

PRKO-sekretariat

Dagleg leiar/  
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@kryssrevisjon.no  
postmottak@kryssrevisjon.no  
3705.08.27845  
987 608 064 MVA

Flora Formannskap  
v/Ordførar  
6900 Florø

Bank:	
Org. nr.:	
12 NOV. 2013	
J.nr.	530
Saksh.	anna Arkiv Flora perm
U.off. etter	

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/flora/prosjektrek/2013/prosjekt75810

Arkivkode:

212/614

Journalnr.:

103/2013

Dokumentdato:

01.11.2013

## REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 75810 – EIKEFJORD SKULE - FORSIKRINGSSKADE

Rekneskapen for ovannemnde prosjekt nr 75810 – Eikefjord skule – forsikringsskade har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Formannskap i vurderinga av riktigheita av økonomien i prosjekt nr 75810 – Eikefjord skule – forsikringsskade..

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for prosjekt nr 75810 – Eikefjord skule – forsikringsskade som viser ein totalkostnad på Kr 1 206 643,95. Det er inntektsføringar i prosjektet på kr 855 000,- som er forsikringsoppgjør. Det er og føretatt overføringar frå drift på kr 135 000,-. Den vedtekne budsjettramma for prosjektet utgjer kr 216 640,-. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse.

Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Formannskap tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-027/13.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Formannskap sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for prosjekt nr 75810 – Eikefjord skule – forsikringsskade vil bli innstilt så snart Flora Formannskap sitt vedtak i saka er effektuert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 11.11.2013

KRYSS REVISJON  
KOMMUNEREVISJONEN I  
FYRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

Vedlegg: Utskrift av rekneskap  
Sluttrapport  
PRKO-027/13  
Førebels revisjonsuttale 19.08.2013

Kopi: Kontrollutvalet  
Rådmannen  
regnskapssjef Ruth S.Sunde  
Controller Berit Seljeseth Osa

Regionskontor for kommunane:  
Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde, Tlf. 57 82 48 01  
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no



Saksgang  
Prosjektkomiteen

Møtedato  
04.09.2013

Saksnr  
027/13

Sakshandsamar:  
Hanne A. Morotaie

Arkiv: K1-260, K2-A20, Arkivsaknr  
K2-M24 13/796  
Objekt:

## **PROSJEKT 75810 - EIKEFJORD SKULE - FORSIKRINGSSKADE.**

### **Kva saka gjeld:**

Forsikringskade/vann lekkasje på Eikefjord Skule. Ca. 124m2 golvflate.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

**04.09.2013 PROSJEKTKOMITEEN**

### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

### **PRKO-027/13 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttregneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim  
Rådmann

Vidar Vårdal  
Leiar, Flora Bygg og eigedom

## Innleiing:

